



# VANG KOMMUNE

## KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD



---

*Forsidebilete: Ein varietet av fjellvalmue (Papaver radicatum spp. radicatum var. relictum), også kalla Helerosa, har den eine av to veksestader i verden i verneområdet ved Helin. Foto: T. Østbye*

# FORORD

Ein kommunedelplan for naturmangfald er både eit kunnskapsgrunnlag og eit aktivt verktøy for kommunen sin oppgåve med å ta vare på naturmangfaldet. Den bør kunne brukast både i arealplanlegginga etter plan og bygningslova og i all anna planlegging og forvaltning. Gjennom planen skal kunnskapen om naturmangfaldet bli summert opp og systematisert, slik at fleire innbyggjarar kan få kjennskap til dei store verdiane som ligg i naturen vår.

Planen skal løfte fram verdifull natur i kommunen, synleggjera kunnskapshol, gje påverknader og komma med konkrete tiltak. Kommunedelplanen for naturmangfald vil vera eit politisk dokument, men den er ikkje juridisk bindande. Difor treng kommunen ei grundig saksutgreiing som ligg bak dei politiske vedtaka.


Vang kommune vedtok i 2020 å utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald. I første omgang vart det utvikla eit planprogram. Oppgåva med å føre planen i pennen tilfall etter ei anbodsrunde konsulentfirmaet Asplan Viak. Ved oppstart av arbeidet med kommunedelplanen vart det halde eit ope folkmøte på kommunehuset i mai 2024. Her vart målet med kommunedelplanen presentert, og det blei halde innlegg om naturmangfald i kommunen og eit gruppearbeid kor deltarane fekk kome med innspel om viktige naturverdiar og problemstillingar som bør belysast i kommunedelplanen.

Det vart samtidig oppretta ei arbeidsgruppe som skulle stå for utarbeidinga av planen. Frå Asplan Viak deltok Anne Kristin Narmo, som hadde fått oppgåva med å føre planen i pennen. Frå kommunen deltok Magnus Lajord og sidan Kristian Lindseth Flaa, og som faglege rådgjevarar og lokale ressurspersonar deltok Thor Østbye og Tanaquil Enzensberger. Kristian Lindseth Flaa, Thor Østbye og Tanaquil Enzensberger har stått for sluttredigering og kvalitetssikring av rapporten.

# INNHOLD

FORORD .....	3
1 INNLEIING .....	7
1.1 Formål.....	8
1.2 Bakgrunn og gjennomføring .....	10
1.3 Politiske føringer og juridisk grunnlag .....	13
2 NATUREN I VANG .....	21
2.1 Naturgrunnlag .....	21
2.2 Viktig natur i Vang .....	24
2.2.1 Raudlista arter og naturtypar .....	24
2.2.2 Ansvarsartar og ansvarsnaturtypar.....	25
2.2.3 Prioriterte arter og utvalde naturtypar .....	25
2.2.4 Verneområde og verna vassdrag .....	27
2.3. Naturtypar og artar .....	33
2.3.1 Skog.....	33
2.3.2 Kulturlandskap.....	38
2.3.3 Myr og våtmark .....	46
2.3.4 Vatn og vassdrag .....	49
2.3.5. Fjellet.....	52
2.3.6 Viktige viltområde .....	58
2.3.7 Geologisk mangfold .....	62
2.4 Negative påverknader på naturmangfaldet.....	63
3. HANDLINGSPLAN .....	70
3.1 Hovudmål 1. Samle og auke kunnskapen om naturmangfald og naturverdiar .....	71
3.2 Hovudmål 2. Ta omsyn til natur i all forvaltning og stanse tap av naturmangfald .....	73
3.3 Hovudmål 3. Auke medvit om og eigarskap til natur hos innbyggjarane .....	76
4. KJELDER .....	79
5. VEDLEGG.....	85
Vedlegg 5.1 Ordliste .....	85
Vedlegg 5.2 Datagrunnlag og forklaring av kart .....	88
Vedlegg 5.3 Prioritering av ny kartlegging i planlagde utbyggingsområde .....	92
Vedlegg 5.4 Kartlagde naturtypelokalitetar .....	95
Vedlegg 5.5 Verdikart over kartlagde naturtypelokalitetar .....	106

Vedlegg 5.6 Artslister.....	107
5.6.1 Dyr .....	107
5.6.2 Fuglar.....	109
5.6.3 Insekt, edderkoppdyr og sprethaler .....	115
5.6.4 Karplantar.....	117
5.6.5 Lav .....	120
5.6.6 Mosar .....	122
5.6.7 Sopp.....	124



Figur 0-1. Vang kommune (Kommunekart, 14.04.2025)

# 1 INNLEIING

Tap av natur er ei av dei største utfordringane vi som samfunn står ovanfor. Tap av natur og artar skjer i eit dramatisk tempo over heile verda, og utrydding av artar har aldri gått raskare enn i dag ifylge FNs naturpanel. Samstundes med inngrepa i naturen endrar vi klimaet på jorda. Arealendringar, overhausting, framande artar, forureining og klimaendringar er dei største drivarane til at mange artar forsvinn og at natur blir påverka eller blir borte.



Figur 1-1. Vang med Vangsmjøsa. Foto: T. Østbye

## 1.1 Formål

Kommunedelplanen for naturmangfald skal vere eit verktøy for å sikra og skjøtte naturmangfaldet i kommunen på beste måte, gjennom å synleggjera kva som finst av naturtypar og artar, kor dei er, kva som er viktige naturverdiar og korleis desse bør takast omsyn til og takast vare på, bli forbetra eller bli restaurert. Planen skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder.

**«Tenke globalt – handle lokalt!»\***

Naturmangfaldplanen skal gjere Vang kommune betre i stand til å handle lokalt.

\* Slagordet stammar frå da Gro Harlem Brundtland leia verdskonferansen om klima og miljø i Rio i 1992.

I planprogrammet har Vang kommune gitt følgjande føringer for arbeidet med planen:

- sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for det kommande arbeidet med arealdelen i kommuneplanen og kartlegge manglande kunnskapsgrunnlag.
- gi betre innsyn og auke kunnskapen om forvaltning av naturen og de ulike artene i Vang kommune for administrasjon, politikare og innbyggjarar i kommunen.
- gi innbyggjarane eit større eigarskap til naturmangfaldet.
- samle og systematisere eksisterande kunnskap om naturmangfaldet, verdifulle naturtypar og artar i kommunen og gjere disse tilgjengelege.
- vurdere dagens tilstand av ulike naturområde og artar, samt vurdere tiltak for å bevare disse på en berekraftig måte.
- kartlegge og synleggjere kommunens utfordringar med å ta vare på naturen.
- nå det nasjonale målet om stans av tap av naturmangfald.
- bevare naturen utanfor dagens nedbygde områder, det vil si ombruka og fortette områder som allereie er utbygd framfor å bygge ned natur.
- forvalte areala slik at vi kan taka vare på mangfaldet av artar.
- synleggjere og bevare areal og natur som er viktige for vassmiljø, karbonlagring og klimatilpassing.



Figur 1-2. Buføring i Rysndalen 3.7.2016. Foto: T. Østbye

Planen skal vere overordna, med mål, strategiar og handlingsplan etter prosesskrava til en kommunedelplan frå plan- og bygningslova.

I planen skal det mellom anna:

- vurderast tiltak for å verne/beskytte eller forbetra naturmangfaldet.
- gjerast ei vurdering av tilstanden til ansvarsartar og naturtypar i Vang kommune ut ifrå kunnskapsgrunnlaget.
- synleggjera utfordringar knytt til naturvern i kommunen, og vurderast behovet for omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen.

For god medverking skal det gjennomførast innspelsmøter med landbruks- og grunneigarorganisasjonane i kommunen.

## 1.2 Bakgrunn og gjennomføring

Arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold vart fastsett i planprogram vedtatt av kommunestyret i Vang 16.06.2022. Planprogrammet ga føringer for arbeidet. Grunnlaget for planen er lagt ved at eksisterande kunnskap om naturen i Vang kommune er samla inn. Data og informasjon er så systematisert og analysert for å munne ut i dette dokumentet.

Planen nyttar mange kjelder til informasjon om naturmangfaldet. Særleg viktig er rapportar og anna litteratur, samt kunnskap frå databasar. Databasane Naturbase og Artskart har kartfesta informasjon om naturmangfold, mellom anna om førekomstar av artar og naturtypelokalitetar. I databasen Økologiske grunnkart finst i tillegg informasjon om det geologiske mangfaldet, som geotopar og landformar eller kalkinnhald i berggrunn og lausmassar. Sjølv om det hadde vore nyttig, er det ikkje gjort eigne kartleggingar av naturmangfold ved utarbeiding av planen.

Planterikdomen i Vang har vore undersøkt i lange tider. Dei fyrste botanikarane i Norge fatta interesse for floraen i mellom anna Helin, ved Otrøvatnet, Nystuen og Kyrkjestølane. Sidan har naturmangfaldet blitt studert i mange samanhengar, til dømes naturkartleggingar i regi av kommunen, vegetasjonskartleggingar, kartleggingar i samband med forvaltnings- og skjøtselsplanar i verneområde og i samband med konsekvensutgreiingar. Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar gjort ein stor innsats i kartlegging av flora, insekt- og fugleliv i Vang. Mange privatpersonar har registrert artar gjennom nett-tjenesta Artsobservasjoner.no. På starten av 2000-talet vart det kartlagt ei rekke naturtypar og artar i regi av kommunen, og resultata vart samanfatta i rapporten «*Planter og dyr i Vang – rapport frå kartlegging av biologisk mangfold*» (Sparstad 2003). Seinare er noko kartlegging blitt gjort i samband med reguleringsplanar og konsesjonar for vasskraftverk, skjøtselsplanar for kulturlandskap og skogregistreringar.

Det er vanskeleg å seie noko generelt om tilstanden i områda som er kartlagt for lang tid sida. Til dømes kan situasjonen vere endra i kulturmark som er utsett for attgroing eller skog som kan vere hogd. Eksisterande kartleggingar og registreringar av natur er i all hovudsak gjort i lågareliggende strøk, altså under tregrensa, med unnatak av nokre verneområda i fjellet og eit mindre område ved Tyin. Med andre ord manglar informasjon om dei fleste av Vang sine store fjellområde. Det er ikkje utført naturtypekartleggingar i ferskvatn.




Figur 1-3. Mathias Numsen Blytt samla inn plantar frå Norge med mål om å få oversikt over den geografiske utbreiinga av plantar i landet. Arbeidet resulterte i Norsk Flora, som også sonen Axel Blytt bidrog til etter farens død. Belegget av aurskrinneblom til venstre frå Filefjell er frå 1839. Til høgre eit belegg av urvalmue samla av Södergrén og Eisen på Helin, datert 15.08.1870. Foto: UiO Natural History Museum, University of Oslo.

Det er utført ei rekke analyser av informasjonen som er samla inn for arbeidet. På grunnlag av analysane er det utarbeida eigne digitale kart til naturmangfaldplanen, blant anna:

- kart som indikerer kor kunnskapen er høgast (og lågast),
- naturverdikart
- kart over friluftslivet og konflikt med natur
- kart over kjerneområde i natur og korridorar mellom desse (for hovudøkosystema)
- kart som viser kor ny kartlegging bør prioriterast (plan for ny kartlegging).


Karta kan hentast opp på kartportalen til Vang kommune. Lenke til kartportalen:

[Kommunedelplan for Naturmangfald](#)



Figur 1-4. Eit kart som summerer status for kunnskapsgrunnlaget i Vang. Kartet er et resultat av en samla analyse av all tilgjengeleg geografisk stadfesta informasjon frå Naturbase og Artsdatabanken. Gult område har generelt dårlig kunnskapsgrunnlag, medan mørk grønfarge angir område med høgt kunnskapsgrunnlag. Kart: Asplan Viak.

I forvaltninga er det ofte enklast og mest vanleg å ha fokus på bevaring av enkeltvise naturtypar, habitat og leveområde for artar, mens samanhengane ofte kan gløymes. Samanhengande natur av en viss tilstand og kvalitet er nødvendig for at artar skal klare å spreie genetisk variasjon mellom viktige kjerneområde. Bevaring og utvikling av spreiingskorridorar og grøne strukturar kan vere viktige tiltak for å ivareta økologiske samanhengar i landskapet og kan også bidra til å redusere effektane av klimaendringar, ved til dømes å ta vare på kantvegetasjon langs vassdraga. Rettleiing og metodar er beskrive av Fremstad m.fl. (2018) og har blitt brukt som grunnlag for analysane.



Figur 1-5. Kart som viser moglege korridorer (spreiingsveger) planter og dyr kan nytte mellom skogsområde som er viktige for naturmangfoldet. Mørk grøn skravur viser kor det er kjend artsrik skog, og felta rundt brune linjer viser kor vilt eller andre organismar kan bevege seg utan hindringar. Kart: Asplan Viak.

### 1.3 Politiske føringer og juridisk grunnlag

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-måla for ei berekraftig utvikling. Måla omfattar sytten utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål er den felles arbeidsplanen i verda, mellom anna for å sikra sosial rettferd og god helse og stansa tap av naturmangfold og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Vang kommune forvaltar mykje areal og natur. Konsekvensane av kommunen sine avgjelder har stor betydning for naturen, så kommunen spiller i nøkkelrolle i arbeidet med å nå naturmåla. Saman med andre planar hos kommunen skal kommunedelplanen for naturmangfold bidra til å oppnå FN sine berekraftmål.

Den 19. desember 2022 vedtok FN det globale «Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold», også kalla Naturavtalen. Naturavtalen er en avtale mellom de 196 medlemslanda i konvensjonen som set mål for arbeidet med stanse tap av natur fram mot 2030 og 2050. Avtalen innehold fire langsiktige hovudmål knytt til 2050-visjonen for naturmangfold og 23 meir konkrete mål fram mot 2030.

Dette er nokon av hovudpunktene i Naturavtalen:

**30-prosentmålet:** Verne 30 prosent av all natur på land innan 2030. Dette skal sikre artene som lever. Vi skal også verne eller bevare 30 prosent av verdens hav, innsjøar og elver. Den førige globale naturavtalen, vedteke i 2010, hadde vern på 17 prosent som mål. Dette målet ble aldri oppfylt.

**Restaurering:** 30 prosent av all natur som er delvis øydelagt skal være restaurert innan 2030.

**Representasjon:** Naturvern skal være representativt. Det betyr at et land ikkje kan oppfylle sine forpliktingar ved å verne ein eller to naturtypelokalitetar.

**Finansiering:** Det opprettast eit eige fond der rike land skal bidra for å dekke kostnadene av vern i mindre rike land som særleg slit med tap av naturmangfold. Innan 2030 skal fondet få tilført 200 milliardar dollar i året.

**Naturskadelege subsidiar:** Kvart land må kartlegge kor mykje naturskadelege subsidiar dei bruker innan 2025. Før 2030 skal subsidiene vere kutta med 500 milliardar dollar.

**Genbank:** En naturdatabank skal opprettast, der alle får tilgang til kunnskap om genetisk informasjon som finns i naturen. De som gjør bruk av slike data, enten private selskap eller forskere, betaler en avgift til eit nytt fond. Pengane frå dette vil gå til bevaring og restaurering av natur i mindre rike land.

**Matsvinn:** Verda skal halvere det globale matsvinnet, og redusere avfall og overforbruk betydeleg.

Figur 1-6. FNs berekraftsmål (FN-Sambandet, 2024).





Figur 1-7. Norge har ei rekje ansvarsartar og mange av desse finst i Vang kommune. Her er eit lite knippe av desse artane. Foto: T. Østbye

Eit overordna mål med naturmangfoldplanen for Vang er å bidra til å nå dei nasjonale miljømåla som for naturmangfold er å sikre at:

- \* økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemteneste
- \* ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast
- \* eit representativt utval av norsk natur skal tas vare på for kommande generasjonar

All natur er viktig og har ein eigenverdi. Det er likevel naudsynt å skilje mellom natur som har lav verdi og natur som har høg verdi i forvaltninga av natur, slik at det takast omsyn til sjeldan natur og verdifull natur. Kva for ein natur som skal takast omsyn til er gitt i klare føringar i dei statlege planretningslinjene, som rundskriv T-2/16 (sjå Tabell 1-1). Dersom kommunen foreslår ny arealbruk i eit planforslag og dette vil komme i konflikt med naturverdiar som er lista i tabellen, kan det utløyse motsegn (formell protest) frå statsforvaltar, fylkeskommunen eller andre kommunar.

Tabell 1-1. I [rundskriv T-2/16](#) er det i kap. 3.6 ei oversikt over kva for slags natur som er viktigast å ta omsyn til, og kor trugsmål mot naturen kan utløyse motsegn (Regjeringa, 2021).

### **Verneområde og foreslegne verneområde**

Verneområde og dei verdiane som vernet skal ivareta.

Verneområde og dei verdiane som vernet skal ivareta, også når planforslaget ligg utanfor verneområdet.

Foreslegne verneområde der det er meldt oppstart av verneprosess.

### **Naturtypar**

Utvalede naturtypar med mindre det ligg rettsleg bindande plan etter plan- og bygningslova som avklarar arealbruken for ein førekost av ein utvald naturtype og som er vedteken etter at naturtypen vart utvald.

Trua naturtypar (CR-kritisk trua, EN-sterkt trua og VU-sårbar) i samsvar med nasjonal raudliste for naturtypar, med unntak av areal med svært låg kvalitet kartlagde etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks.

Nær trua naturtypar med minst høg lokalitetskvalitet kartlagd etter Miljødirektoratets instruks.

A-lokalitatar av naturtypar kartlagde etter DN (Direktoratet for naturforvaltning)handbok 13 og A- og B-lokalitatar kartlagde etter DN-handbok 19 som ikkje blir fanga opp av punkta over.

Naturtypar med sentral økosystemfunksjon med minst moderat lokalitetskvalitet kartlagd etter Miljødirektoratets instruks.

Spesielt dårleg kartlagde naturtypar med minst høg lokalitetskvalitet kartlagd etter Miljødirektoratets instruks.

Skogområde med nasjonal eller regional verneverdi, vurdert etter Miljødirektoratets system for verdsetjing av skog som kan vera aktuelle for vern som naturreservat.

### **Artar**

Trua artar (CR-kritisk trua, EN-sterkt trua og VU-sårbar) og deira leveområde.

Prioriterte artar med eventuelle økologiske funksjonsområde.

Artar som er særskilt freda etter forskrift.

Spesielle økologiske former av artar, jf. artar med nasjonal forvaltningsinteresse i naturbase.

Andre artar som er spesielt omsynskrevjande, jf. artar med nasjonal forvaltningsinteresse i naturbase.

Viktige økologiske funksjonsområde for fisk og andre ferskvassorganismar.

Intakte samanhengar mellom eller i tilknyting til større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttings- og spreivingskorridor for artar.

Dei særskilde omsyna som følgjer av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og laksefjordar og av Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks.

Viktige funksjonsområde for villrein.

### **Samanhengande naturområde med urørt preg**

Naturområde som i kraft av storlek, å vere lite eller ikkje røyrd og /eller sin plassering og samanheng er viktig for arealkrevjande artar, regional økologisk infrastruktur, klimatilpassing og friluftsliv.

### **Geologisk naturmangfold**

Geologiske førekostar av internasjonal, nasjonal eller regional verdi, vurdert etter kriterium utarbeidde av s geologiske undersøking (NGU) i samarbeid med Miljødirektoratet. Data om slike førekostar blir publiserte i NGUs database for geologisk arv.

Føringar i regionale planar kan vere relevante for naturmangfaldplanen. Desse er mellom anna:

- [Regional plan for klima, energi og miljø](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for Innlandsstrategien 2024–2028 - Innlandet fylkeskommune](#)
- [Regional plan for Nordfjella villreinområde 2014-2025](#)

Lokale planer som gir føringar for naturmangfaldplanen er:

- [Vang kommunes samfunnsdel av kommuneplanen 2025-2040, som erstattar](#)
- [Kommuneplanens samfunnsdel 2015 - 2027 for Vang kommune](#)

Samfunnssdelen har ein langsiktig arealstrategi som stadfestar viktige prinsipp for arealbruken framover, og legg føringar for utvikling av kommuneplanen sin arealdel. Vang kommunes samfunnsdel av kommuneplanen 2025-2040 er per juni 2025 på høyring.

Arealdelen i kommuneplanen (KPA) legg dei overordna føringane for arealbruk i Vang og er difor det viktigaste verktøyet kommunen har for å ivareteke naturmangfald. For tida er det eit arbeid med rullering av arealplanen. Arealplanen skal også sendast på høyring i 2025. Naturmangfald er eit prioritert tema i arealdelen. I denne skal tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald i Vang leggast til grunn, slik som kjent kunnskap om verdifulle naturtypar og trua artar, men også område med viktige funksjoner som til dømes kantsoner langs vatn og vassdrag samt myr og våtmark. Ulike verkemidlar som tar vare på naturmangfald, som bruk av naturmangfaldlova og plan- og bygningslova skal vurderast. Kommunedelplanen for naturmangfald skal etablere eit godt kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens arealdel.



*Figur 1-8. Tileigne kunnskap. Soppkurs i Uri naturreservat med professor Gro Gulden som lærar og inspirator.  
Foto: T. Østbye*

Kvar dag treff forvaltninga enkeltvedtak, fastset forskrifter, tildeler tilskot eller utøver offentleg styresmakt som har tyding for naturmangfaldet. Vedtak og anna styresmaktutøving skjer på grunnlag av mange ulike regelverk, i ulike sektorar og på ulike forvaltningsnivå.

Offentleg styresmaktutøving som påverkar natur skjer ved bruk av naturmangfaldslova og ei rekke andre lover til dømes plan- og bygningslova, jordlova, skoglova, energilova, forureiningslova, vassressurslova og lakse- og innlandsfisklova. Kommunen har ansvar for å hente inn naudsynte opplysningar og legge til rette sakar etter desse lovane.

All natur er levestad for artar og har ein verdi. For å peike på kva slags natur som er viktig å ha kunnskap om og å forvalte på ein måte som oppfyller krava i naturmangfaldlova, må ein sjå på kva lova seier.

Naturmangfaldlova (Lov om forvaltning av naturens mangfold) regulerer bruk og beskyttelse av naturen. Den omfattar all natur, og gjeld for alle som tek avgjerder med konsekvensar for naturmangfaldet. Loven fastsett mål og prinsipp for berekraft i nytting av naturen. Formålet med loven er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og sine økologiske prosessar skal bli tatt vare på ved bruk og vern.

Naturmangfaldslova sitt kapittel II om berekraftig bruk skal takast i bruk ved all styresmaktutøving som gjeld naturmangfald.

#### **Kapittel II Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk**

- § 4: Forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer
- § 5: Forvaltningsmål for arter
- § 6: Generell aktsohmetsplikt
- § 7: Prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12
- § 8: Kunnskapsgrunnlaget
- § 9: Føre-var-prinsippet
- § 10: Økosystemtilnærming og samlet belastning
- § 11: Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver
- § 12: Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder
- § 13: Kvalitetsnormer for naturmangfold
- § 14: Vektlegging av andre viktige samfunnsinteresser og samiske interesser

Figur 1-8. Oversikt over [naturmangfaldlovas kapittel](#) (Klima- og miljødepartementet, 2016).

Administrasjonen i kommunen har ansvar for at omsynet til naturmangfald blir ivaretatt i planprosessar og sakhandsaming etter naturmangfaldlova kapittel II. Det inneber blant anna at kunnskap om økosystem, vassførekomstar, landskapstypar, naturtyper og artar, verknadar ein kan rekna med av planar, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak, skal inngå tidleg i planarbeidet. Der det er krav om planprogram, skal desse forhalda tas inn som tema i planprogrammet, og konsekvensane for naturmangfaldet skal gå fram av planskildringa.

Lovas §§ 4-5 om forvaltningsmål for artar naturtypar og økosystem seier at mangfaldet av naturtypar, økosystem og artar skal ivaretakast i sine naturlege utbreiingsområde. Med «naturlege utbreiingsområde» siktar ein til heile det geografiske området (i Norge) der det er naturleg at ein art eller ein naturtype finst. Også økologiske funksjonsområde til artane og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den enkelte naturtype skal ivaretakast.

§ 7 seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg styresmakt. Det betyr mellom anna at sakshandsaminga så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen til artar, naturtypenes utbreiing og økologiske tilstand, og effekten av påverknader. Det er særleg for §§ 8-10 at ein kommunedelplan for naturmangfald kan leggja til rette for god forvaltningspraksis.

§ 9 kallast Føre-var-prinsippet og er ei retningsline for korleis forvaltninga skal handtere uvisse knytt til kunnskapsgrunnlaget. Prinsippet skal tas i bruk når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og/eller verknadane på Naturmangfaldet. Om det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap, skal det alltid takast sike på å unngå mogeleg skade på naturmangfaldet. Uvissa kan kome av manglande kunnskap om kva naturverdiar som blir råka, korleis tilstanden er og om det aktuelle tiltaket kan påverke desse naturverdiane eller den samla belastninga på naturverdiane.

Vurderingane etter § 8-12 skal gjerast på alle plannivå, men omfanget av vurderingane vil avhenge av plannivå og kor sterke føringar planen gir for framtidig arealdisponering som har konsekvensar for naturmangfald. I Klima- og miljødepartementets rettleiar til naturmangfaldlovas prinsipp (Klima- og miljødepartementet, 2016) om berekraftig bruk (Kap II) er det forklart korleis måla og prinsippa skal brukast i praksis.

Når ein skal treffe avgjerder som kan råke naturmangfald skal ein alltid finna ut:

- kva slags naturmangfald som kan bli påverka av avgjerda,
- kva tilstand naturmangfaldet har
- kva effektar avgjerda vil ha på naturmangfaldet.

Vurderinga av desse tre spørsmåla utgjer til saman kunnskapsgrunnlaget. Dette gir styresmaktene informasjon for å vurdere kva vekt ein skal legge på naturmangfald. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til karakteren og risikoene i saka for skade på naturmangfaldet.

§ 10 Samla belastning handlar om summen av konsekvensane frå fleire tiltak. Sjølv om konsekvensen innanfor det einskilde området eller frå det einskilde tiltaket er moderat, kan summen av konsekvensane og andre påverknadsfaktorar gjere at den samla belastninga for naturmangfaldet blir omfattande. Ein må altså sjå på summen av mange tiltak som påverkar naturmangfald, også fram i tid. Det betyr til dømes òg at påverknad av klimaendringar skal vurderast i samanheng.

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Handsaming av byggjesaker etter lova skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltaket skal utførast forsvarleg. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast. Plan- og bygningslova (tbl) er den viktigaste lova når det kjem til arealsaker.

Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova har som formål å vareta mangfaldet av naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde, med tilhøyrande artsmangfald og økologiske prosessar. I Vang har ein slåttemark og slåttemyr som er utvalde naturtypar.

Forskrift om framande organismar (heimla i naturmangfaldlova) skal hindra innførsel, utsetjing og spreiling av framande organismar som kan vera negativt for naturmangfaldet.

Skogbrukslova skal fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og dessutan å sikra det biologiske mangfaldet, omsynet til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Jordlova skal mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

Lakse- og innlandsfisklova skal sikra naturlege bestandar av m.a. innlandsfisk, ferskvassorganismar og deira leveområde.

Vassressurslova skal sikra forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. § 11 har eigne føresegner om kantsoner til vassdrag, med krav om naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag.

Vassforskrifta skal gi rammer for fastsettjing av miljømål som skal sikra ein mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Forskrifta skal sikra at godkjende vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram blir revurdert og blir oppdatert kvart sjette år.

Motorferdselslova regulerer bruken av motoriserte framkomstmiddel i naturen. Lovens hovudregel er at motorisert ferdsel i utmark er forboden. Men det er òg mange unntak, til dømes for naudsynt ferdsel og ferdsel etter løyve eller med heimel i lokale forskrifter. Vang kommune har ei eige forskrift Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Vang kommune. Kommunestyre sitt mynde til å gje løyve etter søknad er delegert til hovudutval for landbruk, anna næring og miljø.


Miljøinformasjonslova stiller m.a. krav til at kommunar skal ha tilstrekkeleg miljøinformasjon til å utføra oppgåvene sine, og at denne informasjonen er offentleg tilgjengeleg.

## 2 NATUREN I VANG

God arealplanlegging krev at vi skaffar oversikt over kva verdiar vi skal forvalte. Dette kapittelet går difor først gjennom naturgrunnlaget i Vang, med topografi, klima og berggrunn og lausmasser, og deretter dei kjende kvalitetane og verdiane i Vangsnaturen, både dei vi veit mykje om og dei vi har for lite kunnskap om.

### 2.1 Naturgrunnlag

Vang er ei stor fjell- og landbrukskommune med areal på 1505 km<sup>2</sup>. Nesten 90 prosent av kommunen ligg høgare enn 900 meter over havet. Variasjonar i klima, berggrunn og lausmassar gjev opphav til eit stort mangfald av natur. Kommunen ligg midt i landet, der austleg og vestleg klima møtast. Her kan vi finne både planter som trivst ved kysten (oseaniske planter) og planter som trivst i innlandsstrøk (kontinentale planter). Vang har heile seks ulike vegetasjonssonar. Til samanlikning har heile Danmark berre to, og Sverige fem vegetasjonssonar.




Figur 2-1. Vang har heile seks av dei åtte vegetasjonssonane som finst i Noreg, jmf. Moen (1988) Nasjonalatlas for Norge.

Det sørvende liene i hovuddalføret høyrer til sørboreal vegetasjonssone i opp til 500-550 meters høgde. Her trivs varmekjære planter, og vi kan finne turrenger og edellauvskog. Høgare oppe, øvst i bygda, ligg den mellomboreale vegetasjonsona. Her høyrer det meste av barskogen til. Enda høgare oppe, i den nordboreale sona, vert barskogen glissen og bjørkeskogen tek over i nordboreale sona. Dei alpine sonene frå lågfjell til høgfjell dekkjer mest areal. Risbjørk (dvergbjørk), einer og vier tek over dominansen i den

lågalpine sona, der det oftast er gode beiteområde. Opp mot høgfjellet vert vegetasjonen stadig meir glissen.


Dominerande bergartar i Vang er grunnfjell av gneis og granitt og fylittskifer, med blant anna innslag av sandstein og gabbro (Figur 3-2). Bergartane i grunnfjellet er harde og tungt forvittra, slik at dei gjev lite mineralnæring til plantene. Den mjuke fylittskiferen forvitrar lett og avgjer dermed meir mineralnæring. Dei kalkrike og letteroderte fylittførekomstane gjer at Vang har eit mangfoldig planteliv og dermed eit rikt naturmangfald. Mange sjeldsynte og truga artar trivast på kalkrik mark, slik som reinrose, drakehovud, snøsoleie, raudsildre og elfenbeinslav.



Figur 2-2. Berggrunnskart. Rosa og raudt viser område med grunnfjell av gneis og granitt, medan grøne områder er fyllitt. I tillegg visast områder med sandstein med gult og ultramafiske bergartar med mørk lilla. (NGU Berggrunnskart, 2024).

I nord av kommunen finst små område med ultramafiske bergartar. Det er bergartar som er kommen opp frå djupet i mantelen til jorda. Dei er basiske (høg pH) med spesielt høgt innhold av tungmetallar. Eit døme er bergarten peridotitt, som er særskilt rik på jern og magnesium og gjev spesielle veksttilhøve for planter. Når slike bergartar forvitrar, blir dei raudfarga. Stadnamn med «raud» i seg kjem ofte frå slike raude berg, til dømes Raudhødn. Områda med ultramafiske bergartar ligg i hovudsak mellom Tyin og Bygdin, og nordvest for Eidsbugarden.

Det er mykje bert berg i Vang, særleg i fjellet. Men der det ligg lausmassar dominerer morene over store område. Morene er berg som er delvis forvittra og skuva på plass av breen under istida. Morenemassar gjev gode tilhøve for plantevokst.



Figur 2-3. Lausmassar i Vang. Rosa område viser kor bert berg dominerer. Grøne område har morenemateriale (mørk grøn viser morene i tjukke lag, ljós grön viser morene i tynnare lag). Rauda område har skred- og rasmasser, og bruna område har torvdanning etter myr. Dei gule og oransje små områda har ulike avsetningar frå bre og elv (NGU Løsmassekart, 2024).

Under høge og bratte berg er det ofte berre ur og rasmark. Skredmark med fine masser kan ha gunstige høve for planter, for knust stein bryt raskare ned til tilgjengeleg plantenærings. Vang har og ein del område med torv. Torva er etter daude kvitmosar og nokre andre moseartar som veks på plasser med så høgt grunnvatn at andre planter ikkje kan leve der. Berre nokre få stader i Vang har store elver lagt att så mykje sand og grus at det har tyding for plantelivet, men her kan det oppstå spesielle naturtypar.

## 2.2 Viktig natur i Vang

I følgjande oversikt gis ei oversikt over naturmangfaldet i Vang, med vekt på kva som må prioriterast å ta omsyn til. Gjennomgangen behandlar kor god kjennskap vi har om dei ulike naturtypane og artane, kva tilstand dei er i, og kva trugsmål dei er utsett for.

### 2.2.1 Raudlista artar og naturtypar

Ei raudliste er ei liste over arter eller naturtypar med vurderingar av kva risiko dei har for å døy ut (bli utrydda) eller å forsvinne frå eit område. I raudlistene er artene og naturtypane klassifisert i ulike kategoriar etter kor trua dei er. Kategoriane peikar på risikoen for utrydding om situasjonen ikkje vert endra.

Raudlistene er utarbeidd av Artsdatabanken i samarbeid med fagekspertar, og vert fornya kvart femte år.

Raudlistekategoriane med kortingar er:

- **RE:** Regionalt utdøydd (utrydda i Norge)
- **CR:** Kritisk truga
- **EN:** Sterkt truga
- **VU:** Sårbar
- **NT:** Nær truga
- **DD:** Datamangel (ikkje nok kunnskap til raudlistevurdering)
- **LC:** Livskraftig
- **NA:** Ikkje eagna (oftast framande arter)
- **NE:** ikkje vurdert (oftast fordi dei tilhøyrar ei lite utgreia gruppe).



Figur 2-4. Vanlege og kjende artar som no har kome på raudlista pga. sterk tilbakegang. Frå venstre grønfink (VU), stær (NT), gråsporv (NT) og granmeis (VU). Foto: T. Østbye

Dei gunstige og varierte naturtilhøva i Vang gjer grunnlag for stor artsrikdom. Det er kjend førekommstar av heile 399 raudlista artar, sjå tabell x-x. Fordi store område i Vang er lite besøkt av fagfolk og lite kartlagt har vi truleg enda mange raudlistearter som framleis ikkje er registrert. Ein listetabell over alle kjende raudlista artar i Vang finst i vedlegg 5.6.

Sju av dei raudlista naturtypane som er kjend frå Vang, er oppførd på raudlista for naturtypar; slåttemark, slåtte- og beitemyr og open kalkmark i kategori kritisk trua (CR), naturbeitemark og snøleie i kategori sårbar (VU) og rabbe, fjellside, leside og tundra i kategori nær trua (NT). Også av raudlista naturtypar kan vi forvente å finne fleire om det gjerast ein innsats på kartlegging.

*Tabell 2-1. Tal av raudlista artar fordelt på raudlistekategori som er kjent frå Vang kommune. Raudlistekategoriene er: RE = Regionalt utdødd, CR = Kritisk truga, EN = Sterkt truga, VU = Sårbar, NT = Nær truga. DD = datamangel.*

Artsgruppe	RE	CR	EN	VU	NT	DD	Tall totalt
Dyr		1	4	1	3		9
Fuglar	1	6	11	26	24		68
Biller			1		3		4
Sommerfugl		1	17	8	8		34
Tovinger			1	1	1	1	4
Veps	1		1	2	2		6
Sprethaler					1		1
Karplanter		1	12	29	66		108
Moser		1	3	30	16	3	53
Sopp			3	23	35	1	62
Lav		3	10	21	16	1	51
<b>SUM</b>	<b>2</b>	<b>13</b>	<b>63</b>	<b>141</b>	<b>175</b>	<b>6</b>	<b>400</b>

## 2.2.2 Ansvarsartar og ansvarsnaturtypar

Eit anna grunnlag for forvaltningsprioritering er kor stor del av dei europeiske populasjonane av artane som vi har i Norge. Når 25 % eller meir av dei europeiske førekomenstane av ei art eller ein naturtype finst i Norge, har vi eit spesielt ansvar for å ta vare på dei. Slike artar kallar vi «ansvarsartar», og tilsvarende naturtypar kallast «ansvarsnaturtypar».

Norsk raudliste for artar 2021 omfattar 4957 artar, og av dei er 2752 truga. For 282 av desse ar vi vi her i landet truleg 25 % eller meir av den europeiske populasjonen. Oversikt over ansvarsarter og ansvarsnaturtypar som vi kan finne i Vang er lagt i vedlegg.

## 2.2.3 Prioriterte arter og utvalde naturtypar

Artar kan få ekstra beskyttelse ved å få status som prioriterte artar etter Naturmangfaldlova. Når ei art er vedtatt som prioritert, er det forbode å ta livet av, skade eller øydelegge den eller miljøet den lever i, og det skal takast omsyn etter artens eigen handlingsplan. I Vang har vi to prioriterte artar; drakehovud og elfenbeinslav. For å ta vare på naturtypar som anten er trua i Norge, er viktige for ei eller fleire prioriterte arter, er truga internasjonalt eller har ein vesentleg del av si naturlege utbreiing i Norge, har regjeringa gitt nokon av dei status som «utvalt naturtype». Dei er beskytta mot skade og øydelegging i ei eiga lovloft. Utvalde naturtypar har eigne handlingsplanar om korleis vi best skal ta vare på naturtypen. Av åtte utvalde naturtypar er tre representert i Vang (slåttemark, slåttemyr og ope grunnlendt kalkmark).

Drakehovud *Dracocephalum ruyschiana* høyrer til leppeblomfamilien og blir 15-35 cm høy med djupblå blomar. Planta er vertskap for drakehovudglansbilla, som berre kan leve på denne planta. Til no er billa ikkje funnen i Valdres. Planta trivst på steppeliknande, turr og kalkrik mark. Den toler ikkje mykje skugge frå attgroing og vert borte der jorda ver gjødsla.

Planta er freda i Norge sidan 2005. Den er i tilbakegong på grunn av attgroing, utbygging og oppdyrkning. I 2011 fekk drakehovud status som prioritert art etter Naturmangfaldlova med si eiga forskrift og sin eigen handlingsplan.

I Norge finst arten rundt Oslofjorden og Mjøsa, i Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdal. Langs dei varme, solrike liene på Vang austside er det enno mange førekommstar, men der husdyrhaldet går tilbake er plantene sterkt trua av utskygging frå attgroingstre.



Figur 2-5. Drakehovud. Foto T. Østbye.

Elfensbeinlav *Heterodermia speciosa* er eit lav som veks på kalkrike berg og steinblokker i Ijosopen, ofte lauvdominert skog og hagemark i dalsider og ved bekkekantar, og ein sjeldan gong på trekvistar i fosserøykmiljø.

Arten er førekjem i indre dalføre på Austlandet, mest i Gudbrandsdalen og Øvre Valdres. Elfenbeinslav er raudlista som sterkt truga (EN), og fekk i 2020 status som prioritert art etter Naturmangfaldlova, med eiga lovforskrift og eigen handlingsplan.

Trugsmåla mot elfenbeinslav er blant anna flatehogst, vegutbygging, flaumsikring og vassdragsregulering, klimaendringar og utbyggingspress. Førekomstane i Vang er særleg truga av at naturbeitemark, hagemark og open beiteskog gror att, når stadig færre dyr går på utmarksbeite.



Figur 2-6. Elfenbeinslav. Foto T. Østbye.


## 2.2.4 Verneområde og verna vassdrag

I Vang kommune er det totalt sju verneområde, men i alt er berre seks prosent av arealet verna.

Jotunheimen nasjonalpark er klart størst og strekker seg over fem kommunar, mens Tøso og Uri er svært små. Naturreservat er den strengaste kategorien verneform. Helin plantepark har den gamle verneforma «plantelivsfreding». For tida er det ein prosess med å oppdatere verneforma. Lomendeltaet sør aust i kommunen er viktig for fugl, og er verna som fuglefredingsområde. Verneområda er kortfatta omtala på dei neste sidene.

Tabell 2-2. Verneområde i Vang.

Namn	Kommune	Verneform	Areal (daa)
Helin plantepark	Vang	plantelivsfreding	28 755
Uri naturreservat	Vang	naturreservat	170
Jotunheimen nasjonalpark	Vågå, Luster, Lom, Vang, Årdal	nasjonalpark	115 4750
Smådaladn naturreservat	Vang	naturreservat	32 939
Tøso naturreservat	Vang	naturreservat	44
Øynad'n naturreservat	Vang	naturreservat	2736
Lomendeltaet fuglefredingsområde	Vestre Slidre, Vang	dyrefredingsområde	957



Figur 2-7. Verneområde i Vang. Gule, skraverte område er verneområde (Miljødirektoratet 2024).

**Helin plantepark.** Området aust for vatnet Helin i Vang kommune er kjent for sin rike fjellflora. Feltet blei oppdaga av professor M.N. Blytt i 1840-åra, og det blei freda i 1930 med generelt forbod mot innsamling av plantar. Dei solrike, sørvesteksponeerte rasmarkene med kalkrik fylitt gir uvanleg gode veksehøve. Mest kjent er urvalmua, *Papaver radicatum* ssp. *radicatum* var. *relictum*, som her har den eine av sine to veksestader i verda. Den andre lokaliteten er i Lærdal. Arten er rekna som sterkt trua (EN). Lokalt kallast denne planta "Helerosa". Det er også kjend ei rekke andre trua arter i Helin plantepark, mellom anna 37 andre raudlista karplanter og raudlista lav, moser og fuglar.



Figur 2-8. Litt av blomsterprakta i rasmarkene langs Helin. Foto: T. Østbye

**Jotunheimen nasjonalpark.** Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking. Jotunheimen har nokre av dei mest typiske ville og alpine fjellformasjonane i Norge med preg av både austlandsk og vestlandsk fjellnatur. Frodige, lågareliggjande dalar, særeigne vassdrag, ei mengd brear og dei høgste fjella i Nord-Europa finst her innafor eit relativt avgrensa område. Det er vitskapelege verneinteresser innan geologi, limnologi, botanikk og zoologi. I vest lever ein villreinstamme. Jotunheimen har fleire norske høgderekordar for fjellplanter. Høgst går issoleia, som på Glittertind er funne opp til omlag 2370 meter. Raudsildre og rosenrot er funne opp til omlag 2300 meter. På lokalitetar med kalkrik grunn veks mellom anna reinrosa.



Figur 2-9. Langs Bygdin med utsyn innover i Jotunheimen nasjonalpark. Foto: T. Østbye

**Smådaladn naturreservat** er eit særeige og ope landskap og eit naturhistorisk interessant område i Vang kommune med viktige kvartærgeologiske formeelement. Blant anna har området eit velutvikla morenesystem av verdi for forsking og undervising.



Figur 2-10. Smådaladn naturreservat er ein open fjelldal med haug- og ryggforma morenelandskap. Området er viktig for fugl. Foto: T. Østbye.

**Uri naturreservat.** Uri ligg i ei bratt li nord for Vangsmjøsa i Vang kommune. Skogen er kalkfuruskog. Svært turr skogtype, det meste av bærlyngtypen, på kalkrikt skiferunderlag. Skog- og vegetasjonstypene her er sjeldne elles i regionen. Formålet med vernet er å bevare eit relativt lite påverka barskogområde med skog- og vegetasjonstypar som er sjeldne i denne regionen. 40 habitatsspesialistar for ugjødsla og tradisjonelt hevda kulturlandskap, med fire raudlista artar ut over drakehovud (dragehode). Åreg skjøtsel på grunn av drakehovud.



Figur 2-11. Uri naturreservat. Her er det drive tradisjonell skjøtsel på ei gammal slåtteng sidan 2009, mellom anna for å auke bestanden av drakehovud (bilde til høgre). Foto: T. Østbye.

**Tøso naturreservat** ligg i ei bratt, sørwend li under ein steil bergvegg på nordsida av Vangsmjøsa. Tøso har godt lokalklima og svært næringsrikt jordsmonn. Ein del av reservatet er rasmark. Botanisk er området svært interessant, med varmekjær og næringskrevjande vegetasjon. Her finn vi edellauvskog med hassel og små bestandar av alm(EN). For alm, som er truga av almesjuke, kan Tøso vere eit smittefritt område, kor amen kan greie seg utan å døy ut.



Figur 2-12. Alm (EN) og hassel (øvst til høgre) blomstrar tidleg på våren, medan myske (under) blomstrar utover i juni i Tøso naturreservat. Foto: T. Østbye



Figur 2-13. Øynadn er eit stort og variert våtmarksområde på grensa mellom Vang og Vestre Slidre kommunar, der Hydalen landskapsvernområde i Hemsedal (til venstre) og Smådaladn naturreservat (til høgre) møtest. Foto T. Østbye

**Øynadn naturreservat.** Øynadn er eit typisk elvelandskap med vatn, tjern, loner, bekkar, elver, sand- og grusøyrer, sump og mudderbankar som blir lagt under vatn med jamne mellomrom. Ein stor del av området er middels næringsrik myr, rike vierkratt og middels til rik fjellbjørkeskog. Det finst og ekstremrik og fattig vegetasjon. Området er svært viktig for hekkande vassfugl, fugl på trekk og på matsøk.

**Lomendeltaet fuglefredingsområde** er eit grunt deltaområde på grensa mellom Vestre Slidre og Vang kommunar der Begna renn ut i Slidrefjorden. Den vestre delen består av frodig sump og sumpskog med naturlege kanalar. Området har forholdsvis stor biologisk produksjon. Viktig område for fugl under trekk, særleg om våren. 137 fuglearistar er observert i deltaområdet. Formålet med vernet er å bevare det rike fuglelivet og fuglane sine livsmiljø.



Figur 2-14. På våren har Lomendeltaet næringsrike, grunne vassområde og blottlagde mudderbankar - svært viktige biotopar for hekkande vassfugl. Foto: T. Østbye

**Vassdragsvern.** Verneplan for vassdrag er ein nasjonal verneplan der dei verna vassdraga til saman skal utgjere eit representativt utsnitt av vassdragsnaturen i Norge. Det er lagt vekt på å verna heile nedbørfeltet, og omfattar heile vassdrag, med hovudelver, sideelver, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters bredde langs sidene av disse, samt andre deler av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert at har betydning for verneverdien. Desse vassdraga skal ikkje byggast ut for vasskraft, og verneverdiane knytt til natur, friluftsliv, med meir skal ikkje svekkast. Vang har fire verna vassdrag; Otrøelva, Rudøla, Skakadalsåni og Helin og Nørre Syndin.



Figur 2-15. Verna vassdrag i Vang og nærområda (NVE, temakart, verneplan for vassdrag, 2024). Namn på dei verna vassdraga er klikkbare og lenkar til NVE. Kartet viser heile nedbørsfeltet til alle verna vassdraga i Vang og nærområda.



Figur 2-16. I Vang er fossekallen ein vanleg hekkefugl langs vatn og vassdrag, og så lenge det er ope vatn så kan han overvintre også. Foto: T. Østbye

## 2.3. Naturtypar og artar

Tabell 2-3. Tabellen viser fordeling av areal og hovudøkosystem i Vang. Kjelde: [Økosystem grunnkart NIBIO](#), kart for arealstatistikk (Geonorge).

Arealdekke/økosystemtype	Areal (daa)	Areal (%)
Bygningar, veger anna kunstig mark	10 141	0,7
Elver, bekker, kanalar	3 851	0,3
Grasmark	5 741	0,4
Hei og buskmark	385 342	25,6
Innsjøar, vannmagasin	192 755	12,8
Jordbruksmark	13 713	0,9
Mark med lite plantevekst	676 718	44,8
Skog	184 530	12,3
Våtmark i innlandet	32 705	2,2
<b>SUM</b>	<b>1 505 497 daa</b>	<b>100 %</b>

### 2.3.1 Skog

I Vang er 185 588 daa dekkja av skogsareal, noko som utgjer 12,3 % av kommunen. Det meste er lauvskog, og det meste er av middels til låge bonitetar.

Skog og skogsjord er viktigaste levestad for fleire tusen artar, så vel fugl, pattedyr, planter, insekt, sopp og lav. Skog binder og lagrar store karbonmengder (både i tre og røter), er viktig for vasskvaliteten i drikkevasskjelder, og har viktige funksjonar i klimatilpassing ved å dempe flaumar og ved å redusere faren for ras og skred. Tømmer er viktig til mange formål, og skogane er vidare viktige for friluftsliv og naturoppleving, inkludert jakt og plukking av bær og sopp.

I følgje raudlista for artar 2021 lev 48 prosent av dei trua artene i skog. Dei beste livsmiljøa for artsmangfaldet i skog er gjerne i naturleg forynga gammal skog med mykje daud ved, der spesialiserte artar kan leve. Spesialiserte skogsartar trivst og på brannflater, bergvegger, bekkekløfter, og der det er rik berggrunn. Den eldste skogen er levestad for mange trua artar. I skogen i Norge lev det 1330 trua dyr, fugl, planter og insekt. Det antakast at 84 prosent av desse artene er knytt til gammal skog (Artsdatabanken 2021, Status for truede artar i skog). Mange av dei trua artene i skog lev på eller i daud ved. Alder på skogen er difor av stor betydning for å ta vare på naturmangfald.

Gammal granskog og furuskog finst nokre plassar. I granskogen på Føssaberge nord for Tveit er det funne fleire raudlista artar av jordbuande og vedbuande sopp og lav. Edellauvskogen med alm på Tøso har eit rikt inventar av artar og representerer ein av dei nordlegaste og høgstliggande utpostane til denne naturtypen. Det er ikkje registrert andre rike edellauvskogar sjølv om enkeltholt med edellauvtre finst. Det er mykje rik boreal lauvskog i form av bjørkeskogar og ospeholt, som er gode leveområde for fugl, lav (som

småblæreglye) og insekt. I 2004 blei det kartlagd fire område med kalkskog i Vang; Kvamelia og Øyloberget som er vurdert som regionalt til nasjonalt verdifulle og Kvamsberge og Bergsåne som er vurdert som regionalt verdifulle. Kalkfuruskog er sjeldan i Valdres, men det finst ei spesiell utforming mellom anna ved Uri på nordsida av Vangsmjøsa. Uri er verna som naturreservat.

Kartlegginga i skog er langt frå fullstendig, og det er naudsynt å undersøkje større og fleire skogsområde for å få eit godt bilet av naturverdiane. Det er mange døme på at kjende område med høge naturverdiar ikkje er kartlagde. Til dømes er «Katedralen», eit område med gammal ospeskog under Skutshorn, viktig for mellom anna holerugande fugl.




Figur 2-17. «Katedralen», under Skutshorn med stor høgstamma ospeskog. Foto: T. Østbye

Ein nøkkelbiotop er eit område som er særleg viktig for bevaring av det biologiske mangfaldet, fordi det inneheld naturtypar eller plante- og dyreartar, ev. signalartar, som er sjeldne i landskapet. Det er gjennom miljøregistreringane i skogbruket (MiS) registrert fleire spesielle livsmiljø aust i kommunen frå Kvam og Hengardane og austover mot kommunegrensa, men data er ikkje tilgjengelege (NIBIO, kart - Kilden, Skogsportalen, 2024). Nøkkelbiotopane skal forvaltast på den måten som er best for artsmangfaldet. I nøkkelbiotopar er det difor restriksjonar for hogst, og dei fleste nøkkelbiotopar skal stå urørd. Skogsamvirket er ansvarleg for å planleggje og vurdere hogst i høve til nøkkelbiotopane.

Skogen opp mot fjellet er nokre plassar definert som vernskog. Det er fylkeslandbruksstyret som har vedteke kva for område som har vernskogstatus og korleis skjøtselen av desse skal skje. Vernskogen skal halde eit samanhengande skogbilde over tid, og skal mellom anna hindre at kalldufta sig ned i dalen. Det kan altså ikkje hoggast store opningar og kanalar. Det skal også takast vare på element som kraggfuruer, turre og vridde tre og reirplassar for store rovfuglar. All hogst i vernskog, med unntak av hogst til eige bruk, skal meldast til kommunen før hogsten tek til.



Figur 2-18. Daude, grove tre, som grantrea her ved Kjeldarane, er levestad for mange artar av lav, sopp, mose og insekt. Skogalder og naturverdiar heng tett saman og raudlisteartar i skog og spesielt omsynskrevjande artar er gjerne knytt til gammalskogen. Dei små bildane viser frå venstre rynkeskinn (NT), rosenkjuke (NT), granrustkjuke. Foto: T. Østbye.



Figur 2-19. Naturskogskartet viser sannsyn for førekomstar av naturskog (skog som ikkje har vore flatehogd etter 1940). Kartet viser både barskog og lauvskog. Naturskogkartet vil vere eit nyttig verktøy for å finne naturskog. (NIBIO - Kart - Kilden, 2024).




Figur 2-20. Eit par døme på tre med hengelav frå Belsheimåsen. Gode førekommstar av hengelav viser at vi har rein luft i Vang, for om lufta er ureina, forsvinn desse lavartane fort. Til venstre hengestry, og til høgre nær trua (NT) gubbeskjegg. Foto: T. Østbye



Figur 2-21. Kartet viser skog (AR5) og område (mørke grøne) som er satt av som «vernskog» (NIBIO - Kart - Kilden, 2024).

Hogst kan øydeleggje leveområde til dei spesialiserte artene som lev i gammal skog. Særleg er hogst av større bestand, flatehogst, ei viktig årsak til tap av naturmangfald. Mykje av barskogen i Vang er prega av tidlegare hogst og dei fleste større barskogareal ber preg av bestandsskogbruk med større avverkingar og einsaldra bestand. Dei eldste skogane kor det kanskje berre er drive med plukkhogst, ligg gjerne i ulende og vanskeleg tilgjengelege område.



Figur 2-22. Kraftgate frå Hugali opp mot Rognstølen. Ei slik opning i verneskogen vil gi stor negativ verknad på lokalklimaet ved å leie kaldlufta frå fjellet rett ned til dalbotnen, og varmekjære planter, sopp og smådyr kan få det vanskeleg. Foto: T. Østbye

I Vang er det også en del beiteskog. Beiteskog representerer skog som er beita av husdyr (storf, småfe og hest) i slik grad at vegetasjonen får eit tydeleg beitepreg. Dyra beiter heilt inntil trea, og får med seg noko av den nedste kvisten, slik at bakken under trea får meir sol, slik at vegetasjonssjiktet på bakken vert tett og grønt. I dag nyttas mindre av skogen til beite, og det er fare for gjengroing der husdyra har blitt borte.

Det viktigaste grepet for å ta vare på verdiane i skog er kunnskap og stadfesting av kor dei sårbare artane finst. Basert på som er kjend så langt, er det truleg mange skogparti som har stort potensial for naturverdiar. Ei kartlegging av naturtypar i prioriterte område med mest potensial kan gi verdifull ny kunnskap. Det er ei utfordring at skogbruket sine eigne data er gamle og nokon gonger utdaterte. Ei ny skottaksering som også får med skogeigedommar som ikkje har vore med på skottaksten ville gje betre kunnskap.

### 2.3.2 Kulturlandskap

Kulturlandskapet er forma av folks bruk. Artsmangfaldet er avhengig av at skjøtsel og driftsformer som har vore i bruk lenge skal halde fram.

Kulturlandskapet leverer økosystemtenester som mat, dyrefôr, pollinering og naturmangfold. Kulturlandskap er også viktig for opplevelingar, rekreasjon og identitet, mellom anna ved å vere kultur- og historiebærer (Stortingsmelding 14). Berekraftig bruk av areala og artane er ein føresetnad for at økosystemfunksjonane skal vere i balanse og sikre leveranse av naturgoder.

Meir enn 75 prosent av global matproduksjon er i større eller mindre grad avhengig av pollinering ved insekt, og nesten 90 prosent av ville planter drar nytte av å bli pollinert av insekta. I verdssamanheng som i Vang er ville pollinerande insekt i sterkt tilbakegang.



Figur 2-23. Frå stølsbeitet på Lange Tangen på Helin. Foto: T. Østbye

På 1700-talet og særleg på 1800-talet var det mykje beitedyr i Vang, og alle bruk hadde dyr på heim- og langstølen. Midt på 1900-talet skjedde store endringar av driftsformene i Norge, med effektivisering og mindre bruk av utmarka. Fleire stølar i Vang vart nedlagt på denne tida. Ifølgje kulturminneplanen for Vang (2018) er det omkring 200 enkeltstølar spreidd rundt i støslaga, men dei fleste er diverre ikkje i drift lengre. Planen framhev at bruk av fjellet til jakt og fangst, jernutvinning, fedrift og fjellbeite er viktig i kulturhistoria.

Stølane og fjellbeita ligg ofte i næringsrike område på skifergrunn, som gjer grunnlag for høg plantediversitet. Dei lågareliggende fjellområda er i dag generelt prega av attgroing på grunn av redusert beitebruk og klimaendringar som flytt skoggrensa høgare opp.



*Figur 2-24. Fjellbjørkeskog med høgstaudar er vanleg mange stader oppunder fjellet i Vang. Det er ein frodig vegetasjonstype som kjem der det er gode vekstforhold, med god fukttilgang og nærings- og kalkrik jord. Sjølv om karakterplanta tyrihjelm, lokalt kalla lushatt (i framgrunnen), er giftig, er høgstaudeskog utmerka og produktivt som beite. Foto: T. Østbye*

Kulturmark, òg kalla seminaturlege naturtypar er prega av menneskets påverknad gjennom særleg rydding, beiting, slått og lauving. I tillegg kan vegkantar vere artsrike tilfluktsplasser for planter som ikkje lengre har tilgang på tradisjonelt hevda open kulturmark. Det finst mange artsrike vegkantar i Vang, men dei er dårleg registrerte. Bygdevegar er viktige i denne samanhengen. Kommunen har fått laga eit kart med artsrike vegkantar kor kantslåtten skal gjerast etter sommaren, og dette kartet er delt med entreprenørar som gjer kantslåtten.

Ansvarsnaturtypen haustingsskog er kjend frå Bærdalslie og lokaliteten Øygardsseljene. Det er laga skjøtselsplanar for desse to haustingsskogane, men naturtypen er elles underkartlagt.



Figur 2-25. Eit restaurert gamalt styvingstre på Døtten (venstre) og etablering av nye styvingstre på Leine (høgre). Selja har vore det mest populære treslaget for lauving i Vang. Foto: T. Østbye

Det er kjent ein del lokalitetar med den utvalde og kritisk truga (CR) naturtypen slåttemark. Av slåttemyr, som og er kritisk truga (CR) er det berre ein kjend førekomst. Kartleggingane av slåttemark har vore utført over ei rekke år. Femten av slåttemarklokalitetane er vurdert til høgaste verdi (nasjonal verdi, A-verdi,), mens åtte er vurdert til B-verdi (regional verdi). Som utvald naturtype får slåttemarkene uansett høgaste verdi (svært stor KU-verdi) i alle konsekvensutgreiingar. Det er utarbeidd skjøtselsplanar for mange av slåttemarkene; Vestre Hænsgardo og Store Grinde i Hensgardane, Vangerøet, Vangetunet, Leinevangen, Øygardsseljene (styvingstre) på Vennis, Ursdalen i Høre og Kjørli. Skjøtselplanar gjev brukar tilgang på tilskot for dekkje kostnadane for skjøtselen.

Tradisjonell hevd med slått og beite, lite til ikkje gjødsel og ljopopne tilhøve får fram sjeldne artar. Dei spesialtilpassa beitemarksoppane vert til dømes fort konkurrert ut om tilhøva endrar seg. Dei er riktig kravstore. Om beitetrykket blir lågare og marka begynner å gro att, eller om det vert gjødsla med sterkt gjødsel døyr dei ut. Det er funne mange ulike beitemarksoppar i Vang, og nokon av dei gjev sine veksestader svært høg naturverdi.

På 1990-tallet blei det gjort ei kartlegging for å registrere verdifulle kulturlandskap i Oppland og artsmangfald i slike område, inkludert stølsområdet. Eit utdrag frå rapporten fortel mykje om artsmangfaldet i kulturlandskapet:

«Når det gjelder de enkelte områdene viser resultatene at Hensåsen inneholder store biologiske verdier, særlig knyttet til kalkrike, lite gjødslede beitemarker, men også dels av tilsvarende slåtteenger. Spesielt artsrike og verdifulle lokaliteter av nasjonal verdi ligger på Nørre Givre, Sørre og Nørre Hemming, mens på steder som Rogn, Hensura, Haukli og fra Remme til Leirhol, ble det påvist lokaliteter av regional verdi. I tillegg forekommer flere lokaliteter av lokal eller regional verdi. Lokalitetene har forekomst av verdifulle vegetasjonstyper som flekkgrisøre-enger, følblomsmårappbeiter med marinøkler og søtearter, hårstarr-fuglestarr-beiter, flekkmure-ryer og tørrbakkesamfunn. På artsnivå er flere funn av den sjeldne og hensynskrevende arten handmarinøkkel av størst interesse, men også forekomster av artar som høstmariøkkel (status: hensynskrevende), dundå, bakkesøte, bakkestarr, hjertebras og vill-lin er verdifulle. I tillegg kommer funn av den hensynskrevende arten spissvokssopp og en lokalt artsrik flora av moser innen slekten Grimmia. Det ble ikke påvist tilsvarende store naturverdier knyttet til kulturlandskapene på heimstølene, i Rysndalen eller på nordsiden av Slettefjell. I Rysndalen var lokalitetene små, artsfattige og preget av relativt sur og næringsfattig berggrunn. Vekstgrunnlaget var bedre på heimstølene. Her ble det påvist et par interessante lokaliteter (med bl.a. handmarinøkkel, bakkesøte og fjellmarinøkkel), men generelt var området preget av gjengroing. Også på nordsiden av Slettefjell var det overveiende ganske små og artsfattige lokaliteter, men på Gipestølen ble bl.a.

interessante arter som handmarinøkkel og bittersøte funnet. De samlet sett store utmarksbeitene og variasjonen i høgdelag, geologi, eksposisjon m.m., gjør likevel også stølsområdene biologisk sett verdifulle. Som en konklusjon er Hensåsen satt i klasse 1 - spesielt verdifullt kulturlandskap, mens seterområdene isolert sett kommer i klasse 2 - kulturlandskap med stor verdi.» (Miljøfaglig utredning, 1997).



Figur 2-26. Mange flotte orkidear er å sjå i Vang og mange av dei er å finne i myr og slåttemark. 1: Nattfiol, 2: Knerot, 3: Småtveblad, 4: Marisko, 5: Fjellkvitkurle, 6: Korallrot, 7: Grønkurle, 8: Skogmarihand, 9: Flekkmarihand og 10: Brudespore. Foto: T. Østbye



Figur 2-27. Eit lite utval av planter og beitemarksopp i kulturlandskapet. 1: Haustmarinøkkel (VU), 2: Hjartegras (NT), 3: Dundå (CR), 4: Gyllen vokssopp (NT), 5: Prakraudspore (VU) og 6: Mørkskjella vokssopp (VU). Desse artane har til felles at dei går ut om tradisjonell hevd tek slutt. Dei toler ikkje at marka gror att når beite eller slått tek slutt og heller ikkje moderne jordarbeid og gjødsling (gylle eller kunstgjødsel). Foto: T. Østbye

Ein stor del av blomane i kulturlandskapet (og elles i naturen) treng insekt for pollinering. Meir intensivt landbruk, nedbygging og attgroing truar humlenes matfat. Heile 17 % av villbiene og humlene er trua og rundt 31 % er på Rødlista (Artsdatabanken, Norsk rødliste for arter, 2021). Vang har ei rekke sjeldne sommarfuglar, veps (inkl. biar og humlar) og tovingar (fluer, blomsterfluer med meir), sjå Tabell 9-3.

Kulturlandskapet og ope lågland er viktige leveområde for fugl. Alle dei tre svaleartane som vi har i Norge, låvesvale, taksvale (NT) og sandsvale (VU), finst og reproduuserer i Vang. Dessutan er tårnseiler (NT) registrert hekkande fleire plassar i Vang. Alle desse utanom sandsvale (som ofte hekkar i sandtak) finn hekkeplassar oppunder takstein og på bjelkar og liknande i låvar, hus og andre bygningar.

Om kulturlandskapet gror att, forsvinner ei rekke av planter og insekt, og med dem dei som lever av dei, til dømes mange fuglar.

Det er spesielt gode leveområde for insekt i dei sørvendte liene og på kulturmarka på nordsida av Vangsmjøsa, mellom anna i slåttemarkene på Døtten og Leinevangen. Her har fagfolk og amatørar stått for innsamling av mange sjeldne og trua artar. Sterkt trua (EN) sommarfuglar som alvesmygar, engglansviklar, beiteengmott og hårsvevefjærermøll er funne her, i tillegg til fleire andre sterkt trua artar som førebels ikkje har noko norsk namn. På Døtten blei det funnen ein ny art for vitskapen, dvergmøllen *Ectoedemia rosae* (EN). Den er søkt aktivt etter fleire stader i Norge, men ikkje funnet andre stader (Kai Berggren, personleg meddeling). Funna som er gjort her tydar på eit stort potensiale for interessante insektfunn også andre plassar i Vang.




Figur 2-29. Det er ikke så mange fuglar som er spesielt knytt til jordbrukslandskapet/kulturlandskapet nede i bygda i Vang. Både songlerke (NT) og vipe (CR) er borte frå kommunen som hekkefuglar. Gulsporv (VU) og buskskvett held til langs åker- og vegkantar med spreidde bestandar. Stæren (NT), eit kjent og kjært våreteikn, minkar som hekkefugl, også i Vang. Taksvale (NT) og låvesvale hekkar både nede i bygda og på stølen (På bilda kjem begge fuglane med piggsvinspinnar med mat til ungane). Vaktel (VU) og åkerrikse (CR) dukkar år om anna opp på enger i Vang, vaktel noko oftare enn åkerrikse, men artane hekkar nok ikkje hjå oss. Foto: T. Østbye

I Artskart er det registrert 259 observasjonar av edderkoppdyr i Vang kommune. Ingen av desse er raudlista.



Figur 2-30. Nokre vanlege pollinatorar i Vang. 1: Fluge i blåklokke, 2: Brun blåvenge på prestekrage, 3: Markhumle på raudknapp, 4: Dobbeltbanda blomsterfluge på dunkjempe, 5: Fluge på fagerknoppurt, 6: Tistelsommarfuglar på bergmynte, 7: Engblåvenge på tiriltunge, 8: Fluge på prikkperikum og 9: Åkerhumle på mariandøkleblom. Insekta som pollinerer går attende i heile verda. I Vang har vi att ein del av dei fordi kulturlandskapet vårt enno har mykje blomerik mark. Foto: T. Østbye



Figur 2-31. Til venstre dvergmøllen *Ectoedemia rosae* (EN), ein ny art for vitskapen som vart funne i Vang i 2004, 2005 og 2008 med til saman 9 eksemplar. Foto: Kai Berggren. Til høgre alvesmygar *Pyrgus alveus* (EN). Foto: T. Østbye.

Beitebruksplanen for Vang kommune viser på fotografi frå først på 1900-talet at det var mindre skog og mykje meir open mark i bygda og i stølsområda. Attgroing av eng og beitemarker fører til mindre artsrikdom. Planter og sopp som har tilpassa seg menneskes bruk av marka, med slått og beitedyr gjennom hundrevis kanskje tusenvis av år, kan døy ut der tradisjonell bruk tar slutt. Om marka vert gjødsla eller sprøyta, vil nokre av artene forsvinne med ein gong.




Figur 2-32. Torpegardane, eit småskala jordbrukslandskap med åkerholmar, samanhengande vegetasjonsbelte mellom åker, eng og skog, gøter og omsynssoner langs vassdrag. Dette gjev leveområde og spreingsvegar for vilt, insekt og planter. Foto: T. Østbye

Bruk av plantevernmiddel kan og vere ein trugsmål mot insekt, dyr og plantar. Intensive driftsformer er eit trugsmål mot bakkehekkande fugl. Vipe som hekkefugl i kulturlandskapet er til dømes no rekna som forsvunne frå Vang.

At stølsområde med viktige naturverdiar ligg att som øyar i landskapet, kan virke negativt inn på arts mangfaldet. Særleg insekt og plantar treng spreingsvegar og korridorar for å klare seg.

Sjølv om ei slåttemark eller beitemark er attgrodde, vil slike område fortsett vere verdifulle og mogelege å restaurere. Frøbanken i jorda kan vere til stade i 30 år. Nokon planter kan halde ut gjengroing i mange år utan å blome. Og vert vanskelege å registrere. I moderne naturtypekartlegging skal ein registrere områda med därleg tilstand heilt til naturtypen har blitt ein annan, for eksempel til attgroinga har utvila seg til hogstmoden skog.

Ein del av kulturlandskapet er godt kartlagd, men ofte er informasjonen om dei så gamal vi ikkje kan vite sikkert kva tilstand dei er i. Stølsområda er generelt därleg kartlagt, og mykje naturbeitemark i utmark er i ferd med å gro att. Meir kartlegging av spesialstartar i slåttemark, som beitemarkssopp, og insektmangfold vil kunne gi ytterlegare bidrag til kunnskapen om naturverdiane i kulturlandskapet.



Figur 2-33. Svært artsrik naturbeitemark på Sparstad. I 2004 fanga Kai Berggren et eksemplar av den raudlista sommerfuglen (EN) Coleophora millefolii (en sekkemøll) her. Det er registrert mange raudlista artar av karplantar, lav (på berg og steinblokker) og beitemarksopper. Sjå [Naturbase faktaark](#). Foto: Kai Berggren.

### 2.3.3 Myr og våtmark

Ei myr er eit økosystem med høg grunnvasstand der nedbrytinga av daude planter går så seint at det vert danna torv. Myrdanninga starta like etter siste istid, slik at dei eldste myrane våre kan vere 8000–10 000 år gamle. Myra lagrar enorme mengder karbon i torva.

Myra har rikt dyre- og planteliv og er heim for mange artar av insekt, mosar og karplanter. Myrene er viktige rastepplassar for mange trekkfuglar. Her finn dei mat, og fleire artar bruker myra som spel- og hekkeplass. I kulturlandskapet er restareal med myr og våtmark kritisk viktig for fleire truga fugleartar som vipe (EN) og raudstilk (NT).

Våtmark (myr) er blant dei mest produktive økosistema på jorda, og blir kalla økologiske supersystem. Knapt noko land i Europa har større variasjon i utforming og plante- og dyreliv i våtmark enn Norge ([Stortingsmelding 14](#)). Våtmarkene har ei unik evne til å reinse og lagre vatn. Dette gjer dei spesielt interessante for klimatilpassing. Dei kan dempe skadeverknadene når det kjem flauum og anna ekstremvêr.

Myra bind store mengder karbon. Ivaretaking og restaurering av myr kan dermed bidra til å redusere frigjering av klimagassar. Mange våtmarker har direkte kontakt med grunnvatnet og bidreg til å regulere mengda og kvaliteten. Våtmarker bind opp overflødige næringsstoff frå landbruket og betrar dermed vasskvaliteten.

Det er mange samanhengande myrområde i Vang. Myrane ligg jamt spreidd utover dei store fjellområda. Der det sildrar ut kalkrikt vatn frå fylittgrunn får vi rikmyr, slik det mellom anna er på både sider av Slettefjell,

på Filefjell, ved Helin og Syndin. Hausten 2014 blei det kartlagd fire små myrer med huldrestarr (NT) ved Kviesyndin ved Nørre Syndin. Desse er truleg gamle slåttemyrer.



Figur 2-34. Myr er viktig for karbonlagring og er levestad for mange artar, i tillegg smakfull matauk i gode multeår.

Foto: T. Østbye

Mange truga artar har våtmark som sitt hovudleveområde. Dei største gruppene er biller, karplanter, mosar, tovenger og sommarfuglar, men også fleire raudlista og andre forvaltningsrelevante fugl har våtmark som sitt hovudhabitat. Ei rekke fugleartar er avhengige av store myrer for å hekke, mellom anna myrhauk (EN) og trane. Elles kan vi finne enkeltbekkasin, dobbeltbekkasin (NT), gluttsnipe, grønstilk, raudstilk (NT), toppand, krikkand, stokkand, såerle, heipiplerke og sivsporv på dei store myrene.

Endra arealbruk er vurdert å være den største påverkingsfaktoren for dei fleste av dei truga artane som lev i våtmarksområde. Det er truleg fleire myrområde i lågareliggjande strok i Vang som har blitt grøfta og dyrka opp eller planta med skog. I fjellet er myr trua av auka utbygging av fritidsbustadar, med tilhøyrande infrastruktur.

Store myrområde i fjellet er ikkje kartlagde, men det er truleg mange område som kvalifiserer til naturtypelokaliteter. Karta i offentlege baser er verken nøyaktige nok eller fullstendige nok når det gjeld myr. Torvinnhaldet i myr og dermed karbonlagring er ofte ikkje sjekka i felt, så det er stort behov for supplerande kartlegging.



Figur 2-35. Nokre vassfuglar som hekker i Vang. Foto: T. Østbye.



Figur 2-36. Våtmarksområdet Kiladn (verdi C – høg lokal verdi) ligg i pressområde ved Tyin. Foto: Asplan Viak v/Rune Solvang.

### 2.3.4 Vatn og vassdrag

Innsjøar, bekker og elver gir oss drikkevatn, mat og vatn til jordbruk og er viktige for fiske, friluftsliv og rekreasjon. Dei bidreg også med flaumdemping, handtering av overvatn, vassreinsing, nedbryting av avfallsstoff, samt regulering av sjukdomar og skadeorganismar ([St. meld. 14](#)).



Figur 2-37. Leineåne ved Leine. Foto: T. Østbye.

10 prosent av kommunen er vatn. Det er fleire ganske store vatn, med Vangsmjøsa sentralt i kommunen, og Bygdin, Tyin, og Helin. Dei har alle gode bestandar av fjellaure. Alle dei store vatna er regulert. Elles er det mange småvatn i fjellområda.

Nokon stader er vatnet bunde opp i snø og is. I høgfjellet kan snøen ligge lenge utover sommaren.

I Jotunheimen ligg nesten heile Uranosbreen og Mjølkedalsbreen innafor kommunen. Vangsmjøsa samlar mykje vatn frå fjellområda og renn ut i Begna.

Strekninga frå Øylo til Ryfossen har god bestand av aure. Tveitahølen i Begna-vassdraget er viktig som overvintringsområde for mange fugl, med fleire hekkande artar som mellom anna horndykker (VU).

Det er fleire fossefall i kommunen, og der dei har jamn høg vassføring heile året utviklast fosserøykmiljø eller boreal regnskog som dei også kallast.

Fleire vatn i fjellet er naturleg fisketomme. I slike vatn er det er ikkje lov å setje ut fisk, til fordel for artar som elles ville blitt spist av fisk, som til dømes salamander. I ein god del vatn, ofte med reguleringsbestemmingar, blir settefisk satt ut (med løyve). I Begna overvakast fiskebestanden gjennom gytevandringane i fisketrappa ved Eidsfoss i Øye.

Det er lite registreringar av amfibie og reptil i Vang, og berre vanlege artar er registrert (buttsnutefrosk, hoggorm og nordfirfisle). Storsalamander er ikkje funnen i Vang, men småsalamander finns i dammar på Kvismo og er funnen i nabokommunane i sør.

Kransalgar er ei gruppe grønalgar som kan danna tette samfunn på botnen av kalkrike innsjøar og dammar. Dei speler ei viktig rolle i økosystemet ved å stabilisera sediment og forbetra vasskvaliteten. Kransalgar gir leveområde for ei rekke mikroorganismar, smådyr og fisk. Kransalgar er dessutan indikatorartar for vasskvalitet og økologisk tilstand, då dei er sensitive for forureining og endringar i miljøet. Av raudlista kransalgar er smaltaggkrans (VU) funne i Vang.

Truslar mot naturmangfaldet i vatn og vassdrag omfattar fysiske inngrep (infrastruktur, vasskraftutbygging, forbygging, attfylling), forureining (eutrofiering, forsuring, miljøgifter), introduksjon og spreiling av framande organismar, samt endringar i klima ([Stortingsmelding 14](#)).

Vang ligg innanfor vassområde Mjøsa, Hallingdal, Valdres, Indre Sogn. I samband med arbeidet med EUs rammedirektiv for vatn, som Norge har implementert, gjerast eit stort arbeid med å kartleggje og vurdere tilstand i alle vatn og vassdrag. Totalt 147 vassførekommstar er registrert i Vang. 34 av desse er vurdert som sterkt modifiserte (SMVF). Sterkt modifiserte vassførekommstar er dei som er bygd ut til vasskraft. Ser ein på overflatevatn (grunnvatn ikkje medrekna) er 61 vassførekommstar i svært god tilstand, 35 i god tilstand og fem har moderat tilstand, medan tilstand i ein førekommst ikkje er definert. I hovudsak kan overflatevatnet i kommunen reknast for å ha tilfredsstillande tilstand.


I Vang og nærområda er det fleire mindre kraftverk som utnyttar dei lokale vassressursane. Tyin kraftverk er et av de større kraftverka. Her nyttast vatnet frå Tyinvatnet. Også Øvre Årdal kraftverk i Årdal kommune utnyttar vatn frå Tyin. Ala kraftverk er nyleg utbygd. Føssaberge kraftverk har fått vassdragskonsesjon frå NVE og er for tida i ein prosess med søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å byggje ut Føssaberge kraftverk.

Ein stor del av vatna i Vang er regulerte. Regulerte vatn, røyrlegging, oppdemming og kraftverk har ein negativ effekt på mange artar som har leveområdet i eller ved vatn, mellom anna spesialiserte fossesprøytmosar og lav som ein finn i bekkeklofter. Fleire slike høgt raudlista artar er funne i Vang. At vassføringa vert mindre er ein direkte trugsel mot slike artar. Det er viktig at kraftverka følger opp krav om minste tillate vassføring i dei regulerte vassdraga (minstevassføring), ikkje berre for å sikre livskraftige bestandar av fisk og andre vassavhengige artar og naturtypar, men også for å ivareta friluftsliv og landskapsopplevingar i og rundt vassdrag med vasskraftproduksjon.

Regulering av vasstraumen kan påverka habitata til fisken. Til dømes kan redusert vassføring i elvar og bekker føre til at gyteplassar tørkar ut eller blir mindre tilgjengelege. Fisk og fiskeyngel som går opp- og nedstrøms i dei utbygde vassdraga kan bli skada eller drepen når dei skal passere turbinane i vasskraftverk.

Ved sida av vatn som er lagt i røyr for vasskraftsformål er mange bekker lagt i røyr i samband med utbygging eller landbruk, noko som òg vil forringe naturmangfaldet i og langs vassdraget. Når ein bekk blir lagd i røyr vil han miste si evne til sjølvreinsing, og vatnet vil vera like forureina ved utløpet av røyret som ved innløpet. Ei bekkelukking vil også redusere det biologiske mangfaldet i bekken. Bekker er gyte- og oppvekstområde

for fisk, fungerer som viktige vilttrekk, gir opphold og drikke til pattedyr, fuglar og insekt og har ofte eit rikt mangfald av planter.



Figur 2-38. Regulerte vatn i Vang. Kartet viser at dei fleste større innsjøane er oppdemde (blåruta). Kraftverkstunnellar, kraftstasjonar, intaktpunkt og andre inngrep, samt tiltak som ikkje er gjeve konseksjon er vist med ulike symbol på kartet, og er tilgjengelege på [Origo](#) kommunekart.

Opne bekker gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, både fordi dei normalt har større kapasitet til å lede flaumvatnet enn røyr, og fordi dei gir betre moglegheiter til å kontrollere avrenninga i flaumsituasjonar. Bekkelukkingar bør generelt unngåast, i tråd med dei statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (Statsforvalteren i Innlandet, 2022).

I Vangsmjøsa har det de seinare åra blitt ei auka bruk av vasskuterar. Vasskuterar lagar mykje støy, som kan forstyrra dyrelivet, spesielt fuglar og pattedyr som er sensitive for lyd. Fuglar kan bli skremde bort frå reira sine og fisken kan bli stressa. Bråket kan påverka reproduksjonen og overlevinga deira. Vasskuterar som brukar drivstoff og olje, kan lekke ut i vatnet og forureina det. Dette kan skade vasskvaliteten og påverka fugl, fisk og andre vasslevande organismar.

Vang kommune har ein vassmiljøplan som adresserer ulike vassmiljøutfordringar. Vassmiljøplanen er ein del av arbeidet i kommunen med å sikra god vasskvalitet og berekraftig bruk av vassressursane. Planen inneheld tiltak for å handtere avløpsvatn, beskytte vasskjelder, og forbetre vasskvaliteten i bekker, elvar og innsjøar. Spreidde avløp, som ofte kjem frå private bustader, hytter og mindre anlegg utan tilknyting til kommunalt avløpsnett, kan vera ei stor kjelde til forureining. Vang kommune har difor fokus på å regulere og forbetre handteringa av desse avløpa. Tiltaka i vassmiljøplanen inkluderer mellom anna kartlegging og overvaking, oppgradering av avløpsanlegg, informasjon, rettleiing og tilskotsordningar.

Vassressursloven § 11 om kantsoner slår fast at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag med årsikker vassføring som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr.

Vassressurslova seier ikkje noko om breidda på kantsona, anna enn at ho skal vareta dei økologiske funksjonane ei kantsone har. Breidda vil dermed variera med dei naturgitte forholda på staden.

Kommunane kan bestemma breidda på kantsona, anten i enkeltvedtak eller i føresegner.

Inngrepa som er gjort i vassdrag er ofte gjort før ein undersøkte naturmangfaldet, og det er truleg gått tapt levestader for artar som ikkje er dokumentert.



Figur 2-39. Våtmarksområdet Kyrkjekilane på Filefjell er eit viktig leveområde for fugl. Her er fleire sjeldne planter observert og ni raudlisteartar av fugl er funne. Foto: T. Østbye

### 2.3.5. Fjellet

Beite til husdyr og tamrein, jakt, fiske, fôr, bær, urter og medisinplanter er viktige for folk i fjellet, men fjellet har også betydning for friluftsliv, opplevingar og klimaregulering.


Mykje av dei mest verdifulle naturområda i fjellet har sitt opphav og er prega av stølsdrifta. Mellom bygda, heimstølane og langstølane fungerer reksler og vegfár som «grøne korridorer» i landskapet. Så lenge dei held seg opne har desse ferdslevegane ofte eit stort arts mangfald. Dei er nyttige spreingsvegar for dyr, insekt og planter. Husdyra spreier frø samtidig som dei beitar og held vegetasjonen nede på sin veg.

Naturbeitemarka både i fjellet og nede i dalføret eller bygda har utvikla eit høgt mangfold av urter og gras som er viktig for insekt/pollinatorar, og dermed for fuglelivet.

Fjella i Vang har fleire store alpine «sletteområde», nokre stader på kalkrik fylittgrunn. Døme på slike er Slettefjell, Gilafjellet, Muneflænadm og Filefjell. Ingen av desse er naturtypekartlagt til no, men der er truleg store verdiar å finne. Bratte område med rasmark huser òg eit spesielt og verdifullt naturmangfald. Vi kjenner til at rasmarkene langs Helin har ein kalkholdig og unik flora med heier av reinrose (NT) og urvalmue (EN), og at dei sørvende rasmarkene langs Bygdin er ein av få plasser kor apollosummerfuglen (NT) enno flyg. Sidan dei bratte rasmarkene ikkje er lett tilgjengelege, og for det meste ikkje kan seiast å tilhøyrja pressområde, har dei til no ikkje blitt prioritert for kartlegging.

Det er gjennomført vegetasjonskartlegging i fleire fjellområde i Vang. Vegetasjonskartabrukas til beitekart, som viser kvalitet på beita. I ein rapport om vegetasjonskartlegging ved Nørre Syndin er det peika på at høgt biologisk mangfald i området i første rekke er knytt til fire miljø, og at dei ofte også har høgaste beitekvalitet:

- Høgproduktiv engbjørkeskog og høgstaudeeng. Høgt plantemangfald og viktige for insekt, fuglar og pattedyr.
- Kalkrike vegetasjonstypar med høgt artsmangfald, ofte med sjeldne artar, blant anna reinrosehei.
- Rike myrer med eit særegne artsmangfald. Ekstremrike utformingar (kalkmyrer) er særleg viktige. Storrsump er viktig for våtmarksfaunaen. Rik sump i skog har gjerne stort mangfald.
- Beitepåverka vegetasjon, ofte registrert som beitevoll og hagemarkskog, har eit særegne mangfald av artar som er tilpassa beiting. Nokre av beitevollane er gjødsla, men restareal i kantane ofte er artsrikt.



Figur 2-40. Vegetasjonskart med hovudtypar for deler av dei vegetasjonskartlagde område i Vang, ved Øye. Innfelt biletet viser ulike vegetasjonstypar innanfor hovudtypene, på og rundt Brekkstølen. Kart frå Kilden.no.

Eit døme kva som kan finnast i Vangsfjella fekk vi da det vart gjort ei kartlegging av planområdet Synhaug og Andstor på Filefjell. Der blei det registrert 27 lokalitetar med raudlista naturtypar, som fjellhei, leside og tundra (NT), rabbe (NT) og snøleie (VU), samt noko seminaturalig eng (VU). Dei fleste naturtypar i fjellet er no raudlista på grunn av klimaendringane som medfører endringar av vegetasjonssamsetjinga. Særleg i snøleiane kan tilhøva endre seg raskt.



Figur 2-41. Nokre av fuglane vi kan møte i fjellet i Vang. Fleire av desse er no i tilbakegang, som til dømes heilo (NT), fjellerke, snøsporv og lappsporv (EN). Sistnemnde er i ferd med å forsvinne som hekkefugl i Vang.

Foto: T. Østbye

Vegetasjonskarta gir ei god oversikt over naturtypar der ein kan vente å finne høgt biologisk mangfald. Dei største areala er knytt til engbjørkeskog og høgstaudeeng. Reinrosehei, lågurteng og rik sumpskog er òg viktige. Andre typar utgjer berre små areal. I dei raudlista naturtypane i fjellet, slik som snøleier og rabbar er det registrert ei rekke raudlista artar.

I Helin Plantepark er det påvist 39 raudlista karplanter. Dei mest eksklusive, raudlista karplantene i Helin plantepark er urvalmue (EN) og dvergmarinøkkel (EN). Begge desse er freda. Artar som snøsoleie, snøarve,

issoleie, setersoleie (alle VU), rabbetust, høgfjellskarse, alperublom, snørublom, snøbakkestjerne, snøull og vardefrytle (alle NT) fortel om barske veksemiljø.



Figur 2-42. Vegetasjonstypen reinrosehei i rasmarkene langs Helin. Foto: T. Østbye

I følgje beitebruksplanen for Vang 2019-2023 har det i Vang kommune gjennom dei siste 2-300 åra vore svært mykje tamrein. Det er no att tre reinlag som har sommarbeite i kommunen, der det beiter om lag 12 000 rein i fjella. Vågå og Filefjell tamreinlag har mykje sommarbeite, både innafor og utanfor Vang kommune.

Vang kommune har store samanhengande område utan tekniske inngrep som veg, kraftlinje og bygningars, og mykje av fjellområda er difor INON-område (inngrepsfrie naturområde i Norge). INON-indekser viser kor mykje som er att av store, samanhengande naturområde i Norge og korleis situasjonen utviklar seg.

Inngrepsfrie naturområde er definert til å vere naturområde som ligg ein kilometer eller meir (i luftlinje) unna tyngre tekniske inngrep. Slike område kallast for villmarksprega natur.


Reduksjon og fragmentering av naturområde med urørt preg vil kunne føre til tap av leveområde. Dette rammar spesielt artar som er tilpassa store areal med natur i eller nær naturtilstand, samt artar som er særleg sårbare for kanteffektar eller andre forstyrringar. Endring i status som inngrepsfritt eller villmarksprega område etter kriteria kan difor bidra til å indikere endring i levevilkår for slike artar.

Vang har med sine store fjellområde relativt store areal av inngrepsfri natur. Jamfør kartet i Figur 3-33 har dei villmarksprega områda blitt redusert dei siste 35 åra. I arealsakar er det viktig å vere klar over at inngrep som skjer innanfor 1 km frå sone 2 også vil vere inngrep som fører til tap av villmarksprega natur.




● Villmarksprega: Naturområder som ligger fem kilometer eller mer i luftlinje fra større naturinngrep

Figur 2-43. Utviklinga til dei villmarksprega områda i Norge (Miljødirektoratet, Miljøstatus, 2024).



Figur 2-44. Kart over inngrepsfri natur i Vang i 2023. Raude og rosa område viser natur som ikke lenger er rekna som inngrepsfrie, som har blitt redusert sidan 1988 (Miljødirektoratet, 2024).

Fjella i Valdres ber preg av ei historisk langt hardare utmarkshausting enn i dag. Mange stader er skoggrensa senka fleire hundre meter. På slike tidlegare avskoga areal kan bjørkeskogen kome inn att i høgt tempo når beitetrykket blir lågt. Attgroing skjer også i dei samanhengande korridorane i landskapet mellom heimstølen og langstølen, der dyra før gjekk og beita. I dag, da mest ingen heimstølar i bruk med beitedyr, og ikkje så mange av fjellstølane er i drift truar attgroing av beiter og slåttemarker naturmangfaldet. Dei spede plantene og soppene i naturenga blir raskt skygga ut av høgare vegetasjon. Insektmangfaldet blir dermed også negativt påverka, og det er stor uvisse kor mange insektartar i Vang som er trua og som i dag lev i beite- og slåttemarker.



Figur 2-45. Arealendringar i utmarksareal frå 1982 til 2024. Her frå Filefjell. Norgebilder.no

Per 2025 er det ifylge Statistisk sentralbyrå 1847 fritidsbustader i Vang. Talet på fritidsbustader er dobbelt så høgt som talet på bustader i kommunen (923 bustader per 2023).

Aukande turisme fører med seg aukande ferdsel og anna aktivitet i naturen, slik vi ser til dømes ved Tyin/Filefjell og Slettefjellet. Ein gjennomgang av kart frå treningsappen Strava viser til dømes særstak aktivitet på Filefjell og kringlikande område (Figur 3-35). Aktivitetane er for det meste fotturar, langrenn, alpin ski, løping og sykling. Nyare ferdslemåtar, som kiting, stisykling (fatbike), snøskuter og vass-skuter påverkar naturen på andre måtar og kan gjere området meir tilgjengelege enn før. Dette er negativt for naturmangfaldet, og kan vere direkte skadeleg for fleire artar. Det er døme på at stisykling har ført til stor skade på reir, egg og fugleungar. Motorisert ferdsel i hekke- og yngletid vil forstyrre og øydeleggje forreproduksjonen hos mange skye dyr og fuglar. Til dømes kan kongeørn, hubro og jaktfalk, som startar hekking på seinvinteren, bli så forstyrra at påsketuristar som slår seg til i fjellsida nedanfor reirlokaliteten at egg eller ungar blir forlatne.

I hovudsak er fjellet lite kartlagd for naturtypar og det har heller ikkje vore nokon systematisk kartlegging av artsmangfald. Som nemnt indikerer vegetasjonskartlegging i fleire beiteområde, naturtypekartlegginga på Tyin samt funn av sjeldne artar i fjellet at det er mykje interessant og verdfull natur i fjellet. Ein rik fuglefauna tyder også på at det er produktive og gode leveområde for artar i fjellet.

### 2.3.6 Viktige viltområde

Fugl og pattedyr, og i nokon grad insekt er artar som flyttar seg over store avstandar på tvers av naturtypane i landskapet. Til dømes vil villrein bruke store samanhengande fjellområde, og humler vil nytte både slåttemarka, kantvegetasjonen og skogen. Desse artene, som ikkje er mogleg å forvalte på naturtypenivå, vert behandla innafor sekkenemninga «vilt».

**Store rovdyr.** Rovdyra speler ei kritisk rolle i økosistema, og nærværet deira har fleire viktige funksjonar som bidreg til balansen og helsa til miljøet, mellom anna ved å regulere byttedyrpopulasjonar og ved å ta ut sjuke og skadde individ. Dei store rovdyra ligg under statleg forvaltning.

Heile Vang kommune hører til forvaltningsområde for gaupe (EN). Jotunheimen hører til forvaltningsområde for jerv (EN), men området følgjer kommunegrensa til Vågå. Bjørn (EN) og ulv (CR) har ikkje lenger leveområde i Vang. Av litt mindre rovdyr har fjellreven (CR) vore vanleg, men er no rekna som utdøydd frå Vang, sjølv om einskilde eksemplar har vore sett dei siste åra.

**Hjortevilt.** Alle dei fire hjorteviltartane finst i kommunen, men villrein finn vi berre heilt i vest, og Vang ligg ikkje innanfor forvaltningsområde for villrein. Hjorten har vandra inn frå Vestlandet, og bestandane i alle Valdreskommunane har auka dei siste tiåra. Klimaendringane kan verke gunstig for hjort og rådyr, mens villrein og elg vil få auka utfordringar i eit varmare klima.

Utan rovdyr som held hjorteviltstammen på eit berekraftig nivå og tek ut sjuke og skadde dyr, er hjorteviltet avhengig av vår forvaltning. Vintermånadane er harde for dei, og vinterbeiteområda er difor særleg viktige å forvalte. Hjort utgjer eit trugsmål mot alm (EN), sidan dei på vinteren gneg av almebarken. På Vestlandet er almetrea i ferd med å døy ut ein rekkje stadar. Hjort er med det og ein potensiell trugsel mot almepopulasjonane i Vang, - slik sett vil det vere rett å halde bestanden på eit lågt nivå.

**Villrein** er no raudlista som nær trua (NT). Forvaltningsområdet for villrein Lærdal-Årdal ligg inntil kommunegrensa i vest.

**Elg.** Elgen held seg stort sett i alle område under tregrensa i Vang, bortsett frå Vennis og vestover. Bestanden er størst sør for Kvam og på vestsida, der det er mest barskog. Merkeprosjektet ValHall har i 2014-2017 (Solberg m.fl. 2018) skaffa informasjon om mellom anna trekkmönster og beiting hos elg i fleire kommunar i Valdres og Hallingdal. Bestandskondisjonen i Hallingdal og Valdres er redusert dei siste 20-30 åra, sannsynlegvis på grunn av høge bestandstettleikar og stor konkurranse om maten. Beitetrykket i området er relativt høgt og tilbodet av beitetre og attraktive planter i feltsjiktet er lågt. Av omsyn vi det vere viktig å ta vare på regionale trekkvegar og overvintringsområde. Nokre kalvingsområde kan også vere viktige.



Figur 2-46. Hjort på Vennis, elg på Øynadn og rådyr i Torpe. Foto: T. Østbye.

**Hjort.** Beitebruksplanen for Vang 2019-2023 (Vang kommune og beitelaga, tamreinlaga, m.fl. , 2019) nemnar at Vang har mykje brattliggende areal som spesielt hjorten trivst i. Hjorten trekk ned når snøen kjem og beiter då gjerne på innmark. Hjorten beitar i heile kommunen, men held seg mest i område rundt Vennis og opp mot Øye. Det kjem og mykje streifdyr frå Vestlandet.

**Rådyr.** Rådyr finnes i heile den lavere del av Vang kommune, mykje grunna mindre mengder snø. Dei er særleg å finne i tilknyting til kulturlandskap der det er gode beiteforhold. Dei trivest i overgangssonar mellom skog og opne jorder, og er eit vanleg syn i kommunen.

**Småvilt.** Viktige område for storfugl, orrfugl, rype og jerpe finst fleire stader i kommunen og er registrert i [Artskart](#). Data er likevel av eldre dato.

**Fugl.** Vang har fleire viktige område for fugl, som deltaområde, innsjøar, myrar og småvatn i høgfjellet. Viktige leveområde finst også i kulturlandskapet og i skogen. Verneområdet Lomendeltaet er eit svært viktig rasteområde for fugl på vår- og hausttrekket. Øynadn naturreservat er også eit viktig deltaområde for fugl. Andre viktige fugleområde er mellom anna Slettefjellet, Lomendeltaet, Vangsmjøsa, Kvamsfjorden, Nørre Syndin, Helin, Tenlefjorden, Tyin, Kiladn, Steinbusjøen, Sletningen og Otrøvatnet.

Mange rovfuglartar held til i Vang. Dei fleste med berre nokre få par, men i smågnagarår kan tårfalk være ein nokså vanleg hekkefugl både nede i bygda og på fjellet.

NIBIO (Pedersen 2020) har sett ei negativ utvikling av utbreiing av og bestandsstørrelse for fleire fugleartar som er knytt til kulturlandskapet i Norge. Endringa for fem av artene er negativ både når det gjeld bestandsutvikling og utbreiing. Dette gjeld buskskvett (LC), gulsporv (VU), storspove (EN), songlerke (NT) og vipe (CR) (dei to siste artane hekker ikkje lengre i Vang). Dei er alle avhengig av eit variert kulturlandskap med beite, kantsoner og grasmarksareal. Bruk av sprøytemidlar kan redusere mattilgangen for fleire av artene og dei er sårbare for tidspunkt for slått og måten det slås på. Det finst tiltak som kan bedra forhalda for fleire av desse artene. Slike tiltak er omhandla i handlingsdelen.



Figur 2-47. Rovfuglar som hekkar i Vang. Alle desse førekjem i små bestandar og i år med lite mat kan dei mangle som hekkefuglar. Foto: T. Østbye.

Fragmentering av leveområde for dyr skjer ved inngrep som bygging av veg, bustader, kraftgater, auka trafikk eller ferdsel, lysforureining som fører til at naturlege habitat øydeleggast, delast opp, blir ueigna eller utilgjengelege. For hjortevilt er det særleg uheldig om trekkuter påverkast.

Miljøkriminalitet som innsamling av egg frå sjeldne fuglar, innsamling av sjeldne sommarfuglar og ulovleg jakt på rovdyr inkl. rovfugl er eit direkte trugsmål mot naturmangfaldet. Vang kommune har hatt nokre slike saker som er følgd opp.

Kommunen har fått utarbeida kart over viktige fugleområde, og vil bruke desse i si planlegging. Det er naudsynt med ytterlegare kartlegging av fugl for å få oppdatert oversikt.



Figur 2-48. Ugler som ved god mattilgang kan hekke i Vang. Det er usikkert om hubro (EN) ennå hekker i kommunen, men så seint som på 1950-60-talet var den vanleg i flere «hubroberg». Hekkebestanden av perleugle, jordugle, hornugle og haukugle svingar med tilgangen på smågnagarar, noko som også gjeld kattugle og sporveugle, men desse jaktar også småfugl, og kan overleve i år med lite smågnagarar. Foto: T. Østbye.



Figur 2-49. Slettingen er det største uregulerte vatnet i Vang. Vatnet med breidder og omkringliggende myr er spesielt artsrikt når det gjeld våtmarksfugl. Ti raudlisteartar er sett og heile tretten artar vassfugl er observert.  
Foto: T. Østbye

### 2.3.7 Geologisk mangfold

Det geologiske mangfaldet gir oss variasjonar i dyreliv, planteliv, naturformer og kulturlandskap. Mange av dei mest spesielle geologiske førekomstane er tatt opp i NGU si liste over geologisk arv, noko som vil seie at dei har ein verdi for opplevingar, undervisning og/eller vitskap:

- **«Bygdinkonglomerat».** Ved vegbrua over Vinsterelva er det eit felt med ein særmerkt bergart som er danna i overgangen mellom djupbergartar og sedimentære bergartar.
- **Bukonokyrkjudn.** På nordsida av Bergsfjell stikk det opp horn og taggar. Desse er laga av harde, motstandsdyktig berg, der den mjukare fylitten i omgjevnaden er slitt ned.
- **Kvitura** på nordsida av Vangsmjøsa er ei uvaleg stor blokkur som er danna av sandstein frå Skutshødn.
- **Jettegrytene ved Leine.** Langs Leineåne rett nord for vegen er det danna fleire store og tydelege jettegryter under istida.
- **Israndavsetningane i Smådalen.** Verneområdet har karakteristiske rogenmorener i dalbotnen og terasser og rygger av breelvmateriale.
- **Strøss.** Mot kommunegrensa sør på Helin er det og mange avsetningar etter isen. Der er karakteristiske ryggformar i morenemateriale og sandtangane Langetangen og Rundetangen, danna av sanddrift.

I Vang finst og fleire spesielle mineralske førekomstar. Blant anna har det opp gjennom historia vore bergverksdrift etter skifer og kleberstein, og ein plass uttak av mineralet merskum. Isprengd i fylitten er det mange plasser mogeleg å finne bergkrystall.



Figur 2-50. Fjelltjæreblom i Helin plantepark. Planta kan vekse på plassar med høg pH og mykje tungmetall eller magnesium i grunnen, slik det er i såkalla ultramafiske berg. Fjelltjæreblom har derfor vore nytta for å leite etter desse metalla. Dette er kalla geobotanisk prosjektering. Foto: T. Østbye

## 2.4 Negative påverknader på naturmangfaldet

For å kunne ta omsyn til naturverdiane i kommunen trengs ei generell oversikt over dei viktigaste negative påverknadane på naturmangfaldet. Blant desse er endringar og påverknader som gjeld naturtypar viktige fordi naturtypane har viktige økosystemfunksjonar, mellom anna som levestad for trua og nær trua artar.

Dei viktigaste negative påverknadane på naturtypar i Norge er vist i Figur xx1-7. Landbruk, klimatiske endringar og habitatpåverknad er vist som dei faktorane som påverkar flest naturtypar i Norge. I Vang er nok biletet noko annleis. Sidan landbruket har vore drive mindre intensivt, med mindre bruk av gjødsel og sprøytemiddel, har naturmangfaldet knytt til det tradisjonelle landbruket blitt opprettholdt mange plassar, både i bygda og på stølane. I Vang kan difor opphøy av drifta vere det største trugsmålet mot

naturmangfaldet. Kommunen har elles mykje natur som ligg høgare enn den klimatiske tregrensa. Klimaendringar er den klart viktigaste negative påverknaden for naturtypane i fjellet.

Samla sett for alle dei nemnde faktorane er arealendringar eit viktig trugsmål mot naturmangfaldet. Endringane gjer at artene mister sine leveområde. Ifølge Norsk raudliste for artar er ni av ti trua artar i Norge negativt påverka av arealendringar. Det dreier seg særleg om fysiske inngrep, som bygging av bustader og hytter, næringsbygg og vegar. Arealendring knytt til skogsdrift samt attgroing når beite og slått tek slutt er og viktige. Ein tredjedel av våre trua artar slit på grunn av attgroing av kulturlandskapet. Skogbruk med planting av einsarta bestand på store område, hogstflater og færre daude, gamle tre er hovudårsak til at 41 prosent av artane i skog er trua.



Figur 2-51. Faktorar som påverkar naturtypar. Landbruk er oppgitt som påverknad for 46 naturtypar og omfattar jordbruk, skogbruk, skogreising, buskap, og opphøyd drift. Kjelde: Artsdatabanken (Lisens CC BY 4.0).

At 90 prosent av arealet i Vang ligg over skoggrensa betyr at klimaendringane vil kunne utgjere ein alvorleg truge fjellvegetasjonen. Det vil påverke fjellet og stølslandskapet med naturverdiane og økosystemtenestene. Skoggrensa i Norge stig om lag ein halv meter i året. Høgskolen i Innlandet har gjort studiar av korleis skoggrensa i hytteområde, mellom anna på Tyin, vil sjå ut i framtida (Arnesen & Bryn, 2020). [Norsk klimaservicesenter](#) har framskrivingar av klimaet i fylker og regionar i Norge, og for reiselivsdestinasjonar som Jotunheimen.

Ei enkeltendring av natur fører sjeldan til at ei art utryddast. Men bit-for-bit- endringar der fleire faktorar verker saman fører til så stor belastning for mange artar at dei ikkje vil klare å overleve på sikt. Dersom endringar skjer i ein arealtype det finst lite av, vil det kunne auke risikoen for utrydding av artar.

Ni [av ti trekkfuglar hadde ein negativ utvikling i 2024](#), målt på Jomfruland og Lista fuglestasjonar (Birdlife Norge, 2024). Ut frå teljingane er det 58 prosent nedgang i ringmerkte trekkfuglar. Det er det svakaste talet

sidan oppstarten på registreringane i 1990. Ei mogleg årsak er nedgangen i insektbestandene. Insektmengda har gått ned med 14 prosent.



Figur 2-52. Snøugle (CR) er for lengst borte som hekkefugl på Filefjell og i Sør-Norge. Siste kjende hekking på Filefjell var i 1872 då fem reir vart røva til ei privat eggsamling. Foto: T. Østbye

Med klimaendringane blir flaumdumping og evna til å ta unna overvann stadig viktigare. Mange våtmarker, særleg myrer, si store kapasitet til å lagre vann bidreg både til å hindre flaumtopper og å hindre tørke ved at de fungerer som vassmagasin. Våtmarker og økosystem i ferskvatn vil regulere og halde tilbake mengda næringsstoff (særleg fosfor og nitrogen), mellom anna gjennom sedimentering og biologiske prosesser. Dette gjeld spesielt kantsonevegetasjon langs vassdrag, som også bidreg til betring av vasskvalitet ved å regulere temperaturen i vatnet. I ein tid med hyppigare ekstremvær bør man unngå å lukke bekker. Opne bekker gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, både fordi de normalt har større kapasitet til å lede vatnet enn rør, og fordi de gir betre mogleigheter til å kontrollere avrenninga i flaumsituasjonar.

I stortingsmeldinga St. Meld. 26 (2022-2023) "[Klima i endring - sammen for et klimarobust samfunn](#)" understrekar regjeringa kor viktig økosistema er for å tilpassa seg klimaendringar. For Vang kommune vil det vere viktig å ta vare på myr og kantsoner til vassdrag og generelt unngå inngrep i økosystem som gjer dei mindre robuste til å takle klimaendringar.

Naturbaserte løysingar har dei seinaste åra fått auka merksemrd både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Miljødirektoratet har laga ei rettleiing om naturbaserte løysingar "[Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan?](#)".



Figur 2-53. Polarhumle (NT). Polarhumla er ein art som er trua av varmare klima. Foto: Gunnar O. Nilsen.

Klimaendringane vil forsterke spreieninga og effekten av framande artar. Fleire artar vil kunne overleve og reproduser i Norge og i høgareliggende strøk når klimaet vert varmare.

Artar som er tilpassa høgfjell er særleg sårbare for klimaendringar. Mange mosar og karplantar som er tilpassa kort sommarsesong og veks i snøleie, er no på raudlista som «nær trua».

Den tydelegaste effekten av arealendringar er når eit område vert endra så mykje at det ikkje lenger er eigna som leveområde for ein art. I myrar og våtmarker har drenering før tilplanting og nedbygging til fordel for vegar og vasskraftmagasin ført til ein betydeleg reduksjon av desse økosystema.

Når det gjeld forureiningar, er Vang i ei ganske heldig situasjon. Her er tilgang på rein luft og reint vatn, men særleg i vatn bidreg Vang likevel med forureiningar, som vert spreia nedover dalføra i vassdraga. Forureining med mineral, inkludert næringssalt, organisk materiale og jordpartiklar er blant dei tre største påverknadene på vassdraga våre ([Miljødirektoratet](#)). Hovudårsakene er:

- arealavrenning frå jordbruk og punktutslepp. I ferskvatn kan det føra til auka algevekst (eutrofi) og därleg oksygenforhold
- erosjon som kan føra til at jordpartiklar slammar ned botnen som forvrrar lys- og gyteforhold og levevilkår for plantar og dyr
- eutrofiering (gjengroing) forringar drikkevasskjelder, badeplassar og moglegheiter for fiske
- fysiske endringar som bekkelukkingar, drenering, utretting av vassdrag og bakkeplanering
- kjemiske plantevernmiddel, som mellom anna blir brukt mot skadegjerarar i jordbruket, som finst igjen i grunnvatn og overflatevatn.

**Framande artar** påverkar mange av økosistema våre slik at tilstanden er dårlegare enn før. Framande artar gjer skade ved å fortrenge naturlege artar, ved å krysse seg med naturlege artar eller ved å være eller bringe inn parasittar eller sjukdom (dørstokkartar). Påverknad på økosistema frå framande skadelege artar truar økonomien, mattryggleiken og helsa til menneske.

[Naturpanelets rapport frå 2023](#) viser at framande artar aukar globalt. Truleg er så mange som 37 000 av verdas artar spreidd utover si naturlege utbreiing på grunn av menneskeleg aktivitet. Auka handel og reiseliv, transport, globalisering og klimaendringar vil forsterke spreininga framover. Kvart år dukkar det opp ei rekke nye artar som ikkje høyrer heime i norsk natur. Naturpanelet peiker på at ein i dag har god kunnskap om korleis framande artar spreier seg og at ein har mange verktøy for å lykkast med å kjempa mot desse artane. Samtidig peikar rapporten på at tiltak og reguleringar som er innførte hittil ikkje er nok.



Figur 2-54. Framande artar og problemartar.

1: Hagelupin med blome og frøskolmar. Frøa kan overleve i jorda i fleire tiår og blir ofte introdusert til nye plassar med flytting av jordmassar. I Valdres har frøa fått god hjelp av fartsvinden langs hovudvegane til å spreie seg oppover dalen. Foto: Asplan Viak v/Anne Kjersti Narmo.

2: Europalerk har spreidd seg i Vang frå tre som vart planta på 1800-talet. Under trea bygger det seg opp tjukke lag av nålestrø, som hindrar stadeigne plantar og sopp.

3: Landøya er i ferd med å vandre inn i Valdres for alvor. Planta er så giftig at den kan bli eit problem for husdyrbruket. 4: Kjempespringfrø trivst på fuktige plassar og dannar tette bestand som fortrenger plantene som høyrer til på plassen. Planta er ofte komen fordi folk tykkjer den er vakker, men den er nesten ikkje råd å bli kvitt igjen.

Dei siste tre fotoa: T. Østbye

Den mest kostnadseffektive måten å kjempa mot framande skadelege artar på, er å hindre at dei blir introduserte og etablerer seg. Det er difor avgjerande å oppdaga og nedkjempe dei framande artane så tidleg som mogleg.

53 prosent av artane på framandartlista har spreidd seg til naturen vår som blindpassasjerar – på eller i ulike køyretøy, eller til dømes ved flytting av massar ([Miljøstatus.no](#)). Kasting av hageavfall i naturen er og ei svært viktig årsak til spreining av framande hageplantar.

Vang har færre førekommstar av framande artar enn kommunar i låglandet med høgare folketal og varmare klima. Dei spreier seg i hovudsak frå hagar og langs veger. I vatn er ørekryta eit problem. Den blir spreidd av folk som tar han med som agn. Klimaendringane, med høgare temperatur, lengre vekstsesong samt kortare og mildare vintrar, gjer at det blir lettare for framande artar frå varmare strøk å etablere seg i Vang.



Figur 2-55. Framandartar i Vangsfunaen: Kanadagås, ørekryt og mink. Alle artane er vurdert å gi svært høg økologisk risiko (SE). Foto: T. Østbye

I Artskart er det førebels registrert svært få forekomstar av framande artar fra Vang. Unnataket er langs E16 og fylkesvegane, der Statens vegvesen har kartlagt framande artar. Hagelupin (SE, svært høg økologisk risiko) er registrert også i Lomendeltaet. Det er grunn til å tro at talet på framande artar er mykje høgare enn det som er registrert.

Tabell 2-4. Framande artar i dei høgste risikokategoriane som er registrert i Vang. Risikokategoriane er: SE = svært høg økologisk risiko og HI = høg økologisk risiko. Data fra Artskart og informantar.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Risiko	Kommentar
<b>Planter:</b>			
Platanlønn	<i>Acer pseudoplatanus</i>	SE	I rask spreiing, foreløpig få forekomstar
Kvitdodre	<i>Berteroia incana</i>	SE	Kjend i eitt område (nær Bygdinosen)
Kjempespringfrø	<i>Impatiens glandulifera</i>	SE	Berre sett i utkant av hage, kan spreie seg raskt ved vatn
Europalerk	<i>Larix decidua</i>	NR	
Hagelupin	<i>Lupinus polyphyllus</i>	SE	Særleg langs veg, er på rask frammarsj i Vang
Spansk kjørvel	<i>Myrrhis odorata</i>	SE	Hagerømlig, foreløpig få plasser
Parkslirekne	<i>Reynotria japonica</i>	SE	Hagerømling, berre kjend frå to stader
Rynkerose	<i>Rosa rugosa</i>	SE	Foreløpig få forekomstar , men er i spreiing
Syrin	<i>Syringa vulgaris</i>	SE	Vanleg hageplante, sprer seg lettare ved varmare klima
<b>Dyr, fugl og fisk:</b>			
Mink	<i>Neovision vison</i>	SE	Ved alle vassdrag. Trugar særleg bakkerugande fugl
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	HI	I rask spreiing, årvisse hekking fleire stader
Ørekryt	<i>Phoxinus phoxinus</i>	SE	Vanleg i mange av vatna. Trugar ørreten i fjellvatna

Av andre artsgrupper enn karplanter observerast mink (SE) og kanadagås (SE). Kanadagås hekker meir regelmessig i Vang, og Mink er vanleg i vatn og vassdrag. Vill mink i Europa stammer frå rømte pelsdyr og utgjer eit stort trugsmål mot fleire naturlig tilhøyrande artar, spesielt for bakkehekkande fugl.


Av dei framande artene vurderast det at hagelupin (SE) og mink (SE) er største trugsmål mot naturmangfaldet i kommunen. Hagelupin blomstrar utover heile sesongen og det krevjar fleire omgangar

med luking eller slått, viss planta ikkje skal utvikle frø. Frøa hjå hagelupin kan overleve som «frøbank» i jorda i over 40 år. På grunn av dei nitrogenfikserande knollane på røtene, øydelegg ho det skrinne jordsmønnet som heimlege blome gjerne er avhengig av. Hagelupin er difor eit trugsmål mot dei artsrike vegkantane. Spansk kjørvel (SE) finst også i kommunen.

Europalerk (*Larix decidua*) var vurdert til å innebere svært høg økologisk risiko på Fremmedartslista i 2012, men på grunn av at den var etablert med reproduksjon i Norge før 1800, har arten no status som «ikkje vurdert (NR)». Lerka er i ganske kraftig spreiing mange stader i kommunen. På grunn av det tette laget av nålestrø og at den har med seg eigne framande soppartar (symbiose) utgjer den et trugsmål mot naturmangfaldet.

Datagrundlaget indikerer at utbreiinga og påverknaden frå framande skadelege artar førebels er låg i kommunen. Registreringane er i all hovudsak gjort gjennom prosjekt hjå Statens vegvesen og i samband med naturkartleggingar. Registreringane er med andre ord ikkje gjort av «frivillige» og innbyggjarar i kommunen, noko som ofte er tilfelle med registreringar av framandartar. Det kan tyde på at merksemda om framande artar generelt er låg i kommunen. Det er grunn til å tru at framande artar er underregistert i kommunen og at kunnskapen er mangelfull.

Diverre har vi hatt nokre eksempel på miljøkriminalitet i Vang. Miljøkriminalitet er ulovlege aktivitetar som skader miljøet og naturmangfald. Eggsanking frå sjeldne fuglar, innsamling av sjeldne sommarfuglar og plantar, ulovleg jakt på rovdyr og rovfugl truar naturmangfaldet og kan føre til tap av verdifull natur. Ulovleg skadeverk på kulturminne reknast også som miljøkriminalitet.



Figur 2-56. Tiltakspyramiden (Miljødirektoratet - M1941).

### 3. HANDLINGSPLAN



Figur 3-1. Slått på Nefstad 29.8.2017. Sigmund Heensbakken trakterer ein praktisk og fleksibel Brielmaier i den bratte slåttenga. Foto: T. Østbye

Kommunane har ei stor og viktig oppgåve med å ta vare på naturmangfaldet. I åra som kjem vil denne rolla bli enda viktigare, og innsatsen på dette feltet må styrkast. Det krev både ressursar og kompetanseoppbygging, men òg tilpassing av drift og rutinar, noko som ofte kan gjerast eller bli oppnådd med små grep.

Gode rutinar i administrasjonen i kommunen skal sikre at naturmangfaldet blir forvalta med eit langsigktig perspektiv og på ein berekraftig måte. Skade på natur skal så langt som mogleg unngåast eller avgrensast. Kva slags natur Norge prioriterer høgast å ta vare på er vist i tabell 1-2 i Innleiinga til denne planen. Dersom det blir fremma endra arealbruk i eit planforslag som vil komme i konflikt med naturverdiar som er lista i tabellen, kan det utløyse motsegn frå statsforvaltar, fylkeskommunen eller andre kommunar. Der ein ikkje kan unngå vesentleg skade så skal naturen etter inngrep settast i stand eller restaurerast, og eventuelt som siste utveg, kompenserast (jf. tiltakshierarkiet i figur 2-56).

I det følgande er det sett opp aktuelle tiltak i tabellar for kvart av dei tre hovudmåla for naturmangfaldet, kva som konkret skal gjerast og eit anslått tidspunkt for gjennomføring.

### 3.1 Hovudmål 1. Samle og auke kunnskapen om naturmangfald og naturverdiar

Tiltak	Handling	Tid
Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for kommunens arbeid med naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vedta kommunedelplan for naturmangfald.</li> <li>Få oversikt over naturmangfald og naturverdiar gjennom arbeidet med naturmangfaldplanen.</li> <li>Identifisere mangel på kunnskap.</li> </ul>	2024-2026
Kartleggje viktigaste naturverdiar og få betre oversikt	<p>Kartleggje område som er dårleg kartlagt, men som kan ha høge naturverdiar. Kartet «Plan for naturkartlegging» brukast til å planlegge og prioritere nye kartleggingar. Tema prioritert for kartlegging er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Naturskog.</li> <li>Seminaturlege område som boreal hei, naturbeitemark, hagemark, slåttemark, seminaturleg myr som ikkje har vore kartlagt på länge.</li> <li>Beiteprega område ved stølane etter gjeldande metodikk</li> <li>Myr, vatn og vassdrag. Ny metodikk for kartlegging i vassmiljø frå 2025. Stille krav til kartlegging i vatn som ligg innafor nye planområde.</li> <li>Område i fjellet som er sårbare for ferdsel, for eksempel turstiar gjennom område med trua artar eller som har sårbare, sjeldne artar.</li> <li>Raudlisteartar og særleg ansvarsartar med dårleg kjent utbreiing i kommunen.</li> </ul> <p>Område viktige for ville pollinerande insekt (Kommunen bør jamleg spele inn aktuelle område til Statsforvaltar for å oppnå finansiering frå MD)</p>	Løpende
Krevje naturkartlegging og vurderingar etter naturmangfaldlova i alle plansaker	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stille krav om naturkartlegging i alle plansaker. Innarbeide kunnskap, haldningar og rutinar for å sikre at kommunen stiller dette kravet.</li> <li>Kartleggje natur i tidleg fase av planprosessen slik at naturmangfald lettare kan takast vare på og skadereduserande tiltak kan diskuterast tidleg.</li> <li>Sikre rutinar om at alle relevante saker vurderast etter naturmangfaldlova kap. II.</li> <li>Rettleie forslagsstillar om krav til naturkartlegging og innhald i ein naturmangfaldrapport, ved utarbeiding av eit planforslag eller i ei byggjesak.</li> <li>Ta i bruk tiltakshierarkiet og klargjere korleis det skal brukast, i alle relevante saker kommunen.</li> </ul>	Løpende
Planvask*	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre ein grundig «planvask» av alle utbyggingsområde i kommuneplan og alle eldre reguleringsplanar i Vang kommune før 2015.</li> </ul>	Snarast

Kartlegge samanhengande grønstruktur og viktige korridorar for arts mangfaldet (og for folk)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegge og synleggjere i kart landskapssamanhangar og spreiingsvegar for artar.</li> <li>• Kartlegge og synleggjere viktig kantvegetasjon langs dyrka mark og vassmiljø.</li> <li>• Stølsområde med viktige naturverdiar, som ligg isolert att som øyar i landskapet er viktig å få synleggjort.</li> </ul>	2025/løpende
Oppdatere viltkart	<p>Få på plass ei ny viltkartlegging i kommunen, med prioritet på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fugl: viktige hekkeområde i høgfjellet og resten av kommunen, inkl. rasteplassar, trekkruter og spellassar.</li> <li>• Hjortevilt (vurdere om viktig å prioritere)</li> <li>• Oppdatere viltkartet i samråd med alle partane det vedkjem og interesserantar.</li> </ul> <p>Sensitive artsdata skal ikkje vere offentlege, men kommunen må sikre at slike data blir sjekka i alle plansaker og i sakhandsaminga (t.d. søknader om løyve til motorferdsel)</p>	2026-2028?

\*Planvask er eit «nyord» i planlegginga og omfattar ein systematisk og strategisk gjennomgang av kommunale arealplanar, som tar sikte på å sikre eit arealplangrunnlag som er oppdatert med omsyn til kunnskap, lovverk og politikk som ein har i dag. Kommunen må vurdere om tidlegare vedteke arealbruk svarar til dagens og framtidas forventa behov, og eventuelt ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareala som ikkje lenger er like aktuelle. Sjå : [Kunnskapsarena for klima og natur for planleggjere i kommunene - miljodirektoratet.no](http://Kunnskapsarena%20for%20klima%20og%20natur%20for%20planleggjere%20i%20kommunene%20-%20miljodirektoratet.no)

### 3.2 Hovudmål 2. Ta omsyn til natur i all forvaltning og stanse tap av naturmangfald

Tiltak	Handling	Tid
Unngå nedbygging av natur	<p>Kommunen skal sikre at framtidige generasjoner framleis kan oppleve Vang som vilt og vakkert, gjennom å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ikkje byggje ned meir natur enn strengt nødvendig, ev. «Tap av natur og naturmangfald skal reduserast». Prioritere ombruk og fortetting av eksisterande utbyggingsområde framfor ny utbygging eller utvidingar av område.</li> <li>Prøve å unngå bygging av nye hytter eller andre tiltak i stølsområde, som er til hinder for landbruksdrift og elles øydeleggjande for landskapsbiletet.</li> <li>Ha ei arealforvaltning som er restriktiv til inngrep i karbonrike areal for å redusere utslepp av klimagassar. Dette vil til dømes gjelde inngrep i myr og i skog med høg bonitet.</li> </ul>	Løpende
Samanhengande grønstruktur og viktige korridorar for artsmangfaldet (og folk) skal ivaretakast.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ta omsyn til samanhengar i landskap og i arealplanlegginga. «Kvardagsnatur» som til dømes knyt saman naturområde og er viktige økologiske samanhengar i kulturlandskapet, samt viltkorridorar. Bruke det interaktive kartet om dette aktivt i all arealplanlegging.</li> <li>Ta omsyn til landskapet ved linjerydding.</li> </ul>	Løpende
Følgje opp Naturavtalens mål om vern av meir natur i Norge	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunen skal bidra aktivt for å legge til rette i saker som gjeld vern av nye område.</li> <li>Vurdere skogområde for frivillig vern av skog.</li> </ul>	Løpende
Sikre omsyn til naturmangfald i all drift og arealplanlegging i kommunen	<p>Døme på driftsområde som har betydning for naturmangfaldet er skjøtsel av friområde og blomsterrike veggkantar, fjerning av framande artar og bevaring av store trær. Eigne tiltak er utvikla for nokre av desse.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunens drifts- og forvaltningsrutinar må vidareutviklast for å ivareta naturmangfaldet.</li> <li>Rutinar for sakshandsaminga skal forbetrast slik at omsyn til naturmangfald alltid er sikra. T. d. må det gjerast utsjekk mot alle relevante kartbasar. All verdifull natur, inkl. ansvarsartar og ansvarsnaturtypar, fugl, insekt osv. må sjekkast.</li> </ul>	Løpende
Utvikle blomstereng på areal som kommunen drifter	<p>Finne eigna areal kor blomstereng kan etablerast og skjøttast for å bidra til auka naturmangfald og også ha verdi for oppleveling og kunnskap.</p> <p>Nyttige praktiske råd finst hos:</p> <p><a href="#">NIBIO Landvik: Norsk kompetansesenter for blomstereng og naturfrø</a></p>	Løpende
Tiltaksplan mot framande skadelege artar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide ein tiltaksplan mot framande skadelege artar i kommunen. Tiltak rettast særleg mot fjerning av ulike framande planter, dyr og fuglar.</li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Informere innbyggjarar om framande planter (hagerømlingar) og om utsetting av fisk i fisketomme vatn samt utfordringar med ørekyte.</li> <li>Fange opp funn av nye og uønska framandartar som krev oppfylging, ved å abonnere på varsel i Artskart og at innbyggjarar melder frå.</li> <li>Samarbeide med nabokommunar og med fylkeskommunen om framande artar som spreier seg på tvers av kommunegrenser og langs fylkesvegane.</li> <li>Tilsetje ein koordinator som jobbar med tiltak mot framande artar, ev. i fleire kommunar (kan bidra til å løyse punkta over). <ul style="list-style-type: none"> <li>Vedta politisk at framande planter med potensiell høg, høg og svært høg risiko ikkje skal brukast i offentlege anlegg i kommunen.</li> </ul> </li> </ul>	
Skjøtsel av skjøtselskrevjande naturområde	<p>Deler av kommunens områder med skjøtselskrevjande naturtypar må skjøttast for å bevare naturmangfaldet, for å hindre gjengroing og at framande artar etablerer seg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Lage oversikt og plan for skjøtselskrevjande natur som kommunen har ansvar for, med prioritering av område.</li> <li>Lage ein pollinatorplan.</li> <li>Oppmuntre til at folk nyttar tilskotsordningar for skjøtselskrevjande naturtypar</li> <li>Dialog og samarbeid med frivillige organisasjonar.</li> </ul>	Løpande
Sikre område med høg verdi gjennom arealformål og/eller omsynssonar og vurdere eventuelle interessekonfliktar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Områda med høg verdi for naturmangfald skal synleggjera gjennom temakart og vere lett tilgjengeleg for tilsette i kommunen og for innbyggjarane.</li> <li>Lage føresegner som varetak og styrkar omsyn til naturmangfald i område- og detaljreguleringar og utbyggingsprosjekt.</li> <li>Få inn naturmangfald som eit gjennomgåande tema i føresegnene til kommuneplanens arealdel. T.d. gjennom å stille krav til bevaring av eksisterande vegetasjon med tydelege byggegrenser.</li> </ul>	Løpande
Tilpassa vegvedlikehald ved artsrike vegkantar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sørgje for at kantslått, veghøvling, nedlegging av rør og kabel m.m. tar omsyn til artsrike vegkantar, planter, insekt og trua artar.</li> <li>Lage rutinar for å sikre at kantslått gjerast i tørt ver og seint på sommaren.</li> <li>Veghøvling må vere skånsam mot kantane og grøfting må ikkje gjerast i blomstringstid og i larveperioden hjå insekt.</li> <li>Samarbeid med fylkeskommunen og Statens vegvesen.</li> <li>Informasjonsarbeid for kommunale tilsette og entreprenørar.</li> </ul>	
Restaurere naturområde med dårleg tilstand	<p>Skjøtsel eller restaurering av slåttemark og ope grunnlendt kalkmark med dårleg tilstand pga. gjengroing/avslutta bruk. Forsette å følgje opp styvingstre med skjøtsel, og ev. restaurere fleire.</p> <p>Vurdere å restaurere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Myr i dårleg tilstand på grunn av grøfting.</li> <li>Fiskeelver, ved istandsetting av fisketrappar, mellom anna i Øylo. Sjå eige tiltak.</li> <li>Bekker og grøfter ved å gjenopne og istandsetje, også i landbruksområder.</li> <li>Erstatningsbiotopar for sandvale</li> <li>Gjengrodd natureng</li> </ul>	Løpande

Oppretthalde beiting i beiteområde kor naturverdiar står i fare for å bli borte om beiting blir borte.	<p>Beitebruksplanen for Vang 2019-2023 beskriv utfordringa framover å oppretthalde beitetrykket i utmark. Sentrale tiltak for å ivareta sikre omsyn til naturverdiar er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå utbygging av hytter eller andre tiltak på stølsvollar, i nærleiken av stølar og i beiteprega utmark. Sikre dette i beitebruksplan, landbruksplan og arealplan.</li> <li>• Alle tiltak (planer i beiteområde skal leggast fram for beitebrukarane/beitelag til uttale på eit tidlegast mogleg stadium og i alle tilfelle før vedtaket blir fatta. Beitenæringa skal være høyringsinstans i areal- og plansaker</li> </ul>	Løpende
Styre ferdsel unna sårbar natur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alltid vurdere strengt tiltak i inngrepstilte område (INON-område), og ikkje tillate utbygging eller andre fysiske tiltak som reduserer inngrepstilte område, dersom det ikkje er svært tungtvegande interesse som kan forsvare tiltaket.</li> <li>• Ikkje tillate utbygging eller anna tilrettelegging som kan auke ferdsel inn i sårbare naturområde.</li> <li>• Revidere lokal forskrift om motorferdsel med oppdatert kunnskap.</li> </ul>	Løpende
Redusere miljøpåverknadar frå vasskuter	<p>Regulere og kontrollere bruk av vasskuter for å minimere negative miljøpåverknadar, t.d. ved å opprette soner kor bruk av vasskuter er avgrensa eller forbode for å beskytte sensitive område.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Revidere lokal forskrift om motorferdsel med oppdatert kunnskap.</li> <li>• Samarbeide med SNO og politi med omsyn på å auke kontrollen av bruk av vasskuter.</li> <li>• Informasjon og opplæring: Informere brukarar om regler og omsyn til fugl.</li> </ul>	2025-2026
Sikre verna vassdrag	Ikkje tillate utbygging eller andre inngrep som reduserer verneverdiane i verna vassdrag.	Løpende
Tiltak for fisk i regulerte vassdrag	<p>Vassdrag som er negativt påverka av regulering: vurderingar av område for prioritering.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritere istandsetting av fisketrappar, og fylgje opp at desse fungera til sin hensikt.</li> <li>• Gjere tiltak for å forbetra gyteforhold som er endra pga. minstevassføring.</li> <li>• Sende krav på revisjon av eldre konsesjonsvilkår.</li> </ul>	Løpende
Sikre omsynssonar ved vassdrag	Kommunen kan sette krav til breidde på kantsoner i eigne føresegner eller i enkeltvedtak.	Løpende
Ivareta dammar for småsalamander	<p>Småsalamander er funne i små dammar på Kvismo.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje gjere inngrep i og rundt dammane som kan påverke leveområde for arten negativt.</li> </ul>	Løpende
Implementere FNs bærekraftsmål aktivt i kommunens arealplan	Implementere og synleggjere korleis dette skal leggast til grunn for all arealforvaltning.	2025-2026

Etablere naturrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere rekneskap for kommunen sin nedbygging av natur. Desse skal inngå i den årlege rapporteringa til kommunestyret.</li> </ul>	Årleg
Auke merksemda og bruken av naturbaserte løysingar	Miljødirektoratet har laga ei rettleiing om naturbaserte løysingar " <a href="#">Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan?</a> ".	Løpande
Sette i verk tiltak mot miljøkriminalitet	Følgje opp miljøkriminalitet. Sjå <a href="#">Råd til kommunens saksbehandlere - miljodirektoratet.no</a>	Løpande

### 3.3 Hovudmål 3. Auke medvit om og eigarskap til natur hos innbyggjarane

Tiltak	Handling	Tid
Kartforteljing om naturmangfald	Lage ei kartforteljing om naturmangfald i kommunen. Publisera på kommunens heimesider og sosiale media.	2025 -2026
Halde heimesider og kart oppdatert	Informasjon om naturmangfald på digitale plattformar skal haldast oppdatert for å sikre det beste tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget.	Løpande, med årleg intern frist for oppdateringar
Auke kunnskap og medvit om kor viktig naturen er for oss	Synleggjere viktige funksjonar, som for eksempel karbonlagring i arealplanlegginga (skog, våtmark, matjord). <ul style="list-style-type: none"> <li>Publisere info på kommunens heimesider og sosiale media.</li> <li>Sørgje for at temaet blir utgreia i plansaker.</li> </ul>	Løpande
Læring om naturen og naturarv	Læring om naturen og naturarv (sjå ordliste) gir bevisstheit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement. Naturområda i Vang er viktige arenaer for slik læring, og barnehagar og skuleelevar kan engasjerast i nærområde sine, t.d. å fjerne framande planter.	Løpande

Auke medvite og den lokale kunnskapen om pollinerande insekt i kommunen.	<p>Pollinatorar er ein viktig del av naturmangfaldet i Vang, og er viktige for oss ved å pollinere matplantar. Kommunen ønskjer å styrke leveområda til pollinatorar, og auke medvite og den lokale kunnskapen om pollinerande insekt i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjonskampanje retta mot innbyggjarar, som hageeigarar og hagelag, samt kommunens tilsette med ansvar for naturmangfald, gjennom areal-, eigedom-, ressursforvaltning eller drift.</li> <li>• Dialog med frivillige lag og foreiningar, samarbeid om enkeltprosjekt</li> <li>• Publisere info på kommunens heimesider og sosiale media</li> </ul>	Løpende
Redusere unødig lysforureining	<p>Stille krav om at utandørs kunstig ljós skal vere avslått på fritidsbustader om natta og når ein ikkje oppheld seg der. Bruke sensorstyrte ljós i ljosløyper.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon til innbyggjarar og hyttefolk.</li> <li>• Tiltak mot ljósforureining inn i reguleringsbestemmingar.</li> </ul>	Løpende
Ta vare på fugl og andre artar i kulturlandskapet	<p>Artar som gulsporv (VU), songlerke (NT), storspove (EN), vipe (CR), åkerrikse (CR), vaktel (VU) taksvale (NT), låvesvale og stær (NT) er alle avhengig av et variert jordbrukslandskap med beite, kantsoner og grasmarksareal. Ei rekke tiltak kan bidra til å bremse den negative utviklinga for artar i kulturlandskapet. Det er utarbeida informasjonsmateriell som kan nyttast i kommunens arbeid med informasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informere grunneigarar om rettleiaren «Fugler i kulturlandskapet – hvordan ta vare på de bakkehekkende fuglene»</li> <li>• Publisere info på kommunens heimesider og sosiale media.</li> </ul> <p>Nyttige kjelder: <a href="#">NIBIO Brage: Fugler i jordbrukslandskapet: Bestandsutvikling og utbredelse. Perioden 2000-2017</a>.</p> <p>Informere om tilskotsordningar for trua natur (Miljødirektoratet) og for biologisk mangold i jordbruket (Landbruksdirektoratet)</p>	Løpende
Rydding av piggtråd	<p>I 2010 blei det innført forbod mot bruk av piggtråd i nye gjerde og når material i gamle gjerde vert bytt ut. Det er behov for ein auka innsats for å fjerne gammal piggtråd, både av omsyn til ferdsel og for dyr som kan skade seg på piggtråd.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen skal vurdere om tilskotsmidlar som t.d. SMIL kan nyttast til ei leveringsordning.</li> <li>• Kommunen skal vurdere behov for eit fellesprosjekt med landbruksnæringa, miljøorganisasjonar og Mattilsynet.</li> </ul>	2026

Rydding av landbruksplast	<p>Landbruksplast blir brote sakte ned, hopar seg opp i naturen og skadar levande organismar. Landbruksplast er næringsavfall. Bonden er pålagd å levera han inn til eit godkjent avfallsmottak.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen må påleggja bonden å rydde opp dersom garden eller nærområdet blir forsøpla av plast (eller andre gjenstandar). Alternativt kan kommunen avkorte produksjonstilskotet.</li> <li>• Tiltak som kan bidra til betre innsamlingsordningar for landbruksplast må vurderast.</li> </ul>	
Informere om overgjødsling og sprøyting i kulturlandskap	<p>Gjødsling og/eller sprøyting i kulturlandskap kan ha store negative effektar særleg på semi-naturlig eng som tradisjonelt ikkje har blitt gjødsla utover husdyr på beite eller sprøyta.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi god informasjon til alle grunneigarar i kommunen om overgjødsling og sprøyting.</li> <li>• Gi målretta informasjon til grunneigarar som har naturbeitemark og slåttemark.</li> </ul>	2026
Informere om tilskotsordningar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi god informasjon til grunneigarar om moglegheiter til å søke faglag bistand og økonomisk støtte til skjøtsel og restaurering av verdifull natur i kulturlandskapet.</li> </ul>	Løpende

## 4. KJELDER

Arnesen, T. & Bryn, A. 2020. Fritidsboliger og skoggrensen i fjellområder, Høgskolen i Innlandet Skriftserien 2-2020. ISBN 978-82-8380-177-4.

Artsdatabanken, Status for truete arter i skog. (2021). *Artsdatabanken*. Henta frå Status for truete arter i skog. Henta 01.05.2025 frå: <https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/fordypning/statusfortruaarteriskog>.

Artsdatabanken. 2021. Norsk rødliste for arter 2021. Henta frå:  
[https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021./](https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021/)

Artsdatabanken. 2023. Fremmede arter i Norge - med økologisk risiko 2023. Henta frå:  
<https://lister.artsdatabanken.no/fremmedartslista/2023/>.

Artsdatabanken. 2021. Norsk rødliste for arter 2021. (2021, 11 06). Henta 01.05.2025 frå  
<https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021>.

Asdal, Å. 1984. Registreringer av viltvoksende *Ribes* i Sogn og Fjordane og Oppland. Hovedoppgave ved Institutt for fruktdyrking, NLH.

Austrheim, G. (1998). Plant biodiversity and land use in subalpine grasslands. A conservation biological approach. Dr. Scient-avhandling, NTNU, Trondheim. ISBN 82-7861-113-0.

Bengtson, R. & Olsen, K. M. 2016. Notat: Tur til Vangsmjøsi i Vang kommune i Oppland 20. juli 2016.

Berggren, K. og van Nieukerken, E. J. 2011. *Ectoedemia rosae*, a new species with disjunct distribution in the French Alps and Norway (*Lepidoptera: Nepticulidae*). *Tijdschrift voor Entomologie* 154 (2): 181-191.

Berghem, S. & Johnsen, J. I. 1983. Øynadn i Valdres Vestfjell. Vegetasjon og fugl. Hovedoppgave ved Telemark Distrikthøgskule.

Birdlife Norge. 2025. Trekkfuglovervåking ved Jomfruland og Lista fuglestasjon - Birdlife Norge notat 2024-65. Birdlife. Henta 01.01.2025 frå Miljødirektoratet: <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2024/desember-2024/9-av-10-trekkfuglar-mednegativ-utvikling-i-2024/>.

Brynjulvsrud, J. G. Gammelmo, Ø., Blindheim, T., Brandrud, T. E., Gaarder, G. Hofton, T. H., Høitomt, G. Langmo, S.H. L, Midteng, R. B., Reiso, S. Solvang, R. & Wold, O. 2022. Naturfaglige registreringer av kalkskog og baserik skog. Sammenstilling av resultater. Biofokus-rapport 2022-070. ISBN 978-82-8449-105-9.

Enzensberger, T & Vatne, S. 2012. Mikrokraftverk på Leirhol, Vang i Valdres. Effekter for biologisk mangfold. Rapport VTE 6-2012. ISBN 978-82-997928-18-6.

Enzensberger, T. 11.01.2022. Slåttemark på Belsheim i Vang, Upubl. Notat.

Enzensberger, T. 2015. Vegetasjonsrestaurering på en lokalitet med dragehode (*Dracocephalum ruyschiana*) i Uri naturreservat, Vang i Valdres. Rapport VTE 1-2015. ISBN 78-82-997928-25-6.

Enzensberger, T. 2016. Kongevegen i Vang. Skjøtselsplan, VTE 1-2016. ISBN 978-82-997928-43-6

Enzensberger, T. 2017. Skjøtselplan for slåttemark. Leinevangen, Vang, Oppland. Revidert 2017. Upublisert.

- Enzensberger, T. 2019. Skjøtselsplan for et kulturlandskap i Vestre Hænsgardo, Vang kommune, Innlandet fylke. Helhetlig plan med oppfølging av tradisjonell slåttemark som utvalgt naturtype. Rapport VTE 12-2019. ISBN 978-82-997928-43-6.
- Enzensberger, T. 2019. Skjøtselsplan for slåttemark i Ursdalen, Vang kommune, Innlandet fylke. Oppfølging av tradisjonell slåttemark som utvalgt naturtype. Rapport VTE 9-2019. ISBN 978-82-997928-40-6.
- Enzensberger, T. 2019. Skjøtselsplan for Øygardsseljene, Vang kommune, Oppland fylke. Oppfølging av høstingsskog som trua naturtype. Rapport VTE 4-2019. ISBN 978-82-997928-35-6.
